



Årsbudsjett 2024 Økonomiplan 2025-2027

Handsama i kommunestyret 14.12.2023

Innhald

Innleiing.....	4
Organisering.....	6
1 Nasjonale forventningar.....	7
1.1 Kommunelova	7
1.2 Nasjonale rammevilkår	7
1.3 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging	9
2 Planmessige føresetnader.....	10
2.1 Planhierarkiet	10
2.2 Samfunnsplanen som verktøy	10
2.3 Satsingsområda i samfunnsplanen.....	11
3 Økonomiske føresetnader og rammevilkår	12
3.1 Renteutvikling på lån	12
3.2 Avkastning på innskot i bank og finansielle omløpsmidlar	13
3.3 Lønns- og prisvekst	13
3.4 Folketalsutvikling	14
3.3 Utgiftsbehov	15
3.4 Ressursbruk KOSTRA.....	16
4 Hovudoversikter	17
4.3 Løyvingsoversikt drift (Løyvingsskjema 1)	17
4.2 Driftsinntekter	18
4.3 Finansielle inntekter og utgifter	20
4.4 Driftsutgifter - tenesteproduksjon	23
4.5 Økonomiske måltal	23
4.6 Økonomisk oversikt drift	26
5 Sektorområda sine budsjett	27
5.2 Administrasjon.....	27
5.2.1 Kort om sektoren	27
5.2.2 Sektoren si oppfølging av samfunnsplanen	28
5.2.3 Overordna mål og sektorsatsingar.....	28
5.2.4 Innsparingstiltak	29
5.2.5 Driftsbudsjett	29
5.3 Oppvekst.....	31
5.3.1 Kort om sektoren	32
5.3.2 Sektoren si oppfølging av samfunnsplanen	32
5.3.3 Innsparingskrav som ligg på sektor	33
5.3.4 Driftsbudsjett	33
5.4 Helse og omsorg	37

5.4.1	Kort om sektoren	37
5.4.2	Sektoren sin oppfølging av samfunnsplanen	38
5.4.3	Andre sektorsatsingar.....	38
5.4.4	Innsparingskrav	41
5.4.5	Driftsbudsjett	41
5.5	Kommunalområde samfunn.....	43
5.5.1	Kort om kommunalområde samfunn.....	43
5.5.2	Sektoren sin oppfølging av samfunnsplanen	44
5.5.3	Sektoren sine overordna mål og sektorsatsingar	44
5.5.4	Satsingar på tenesteområda.....	45
5.5.5	Budsjett plan og teknisk.....	46
5.5.6	Driftsbudsjett	46
5.5.7	Budsjett samfunnsutvikling, kultur og innovasjon.....	49
5.5.8	Innsparing	50
5.5.9	Driftsbudsjett	50
5.6	Kraft	52
5.7	Fellesområde lønnsavsetting og pensjon.....	52
6	Investeringsprogram 2024-2027	53
	Prosjektomtalar	55
	Marginalliste.....	58
7	Kommunestyret si handsaming av sak 98/2023 i møte den 14.12.2023:	58

Innleiing

Kommunedirektøren legg til grunn at årsbudsjettet 2024 og økonomiplan for 2025-2027 byggjer på realistiske prognosar på utgifter og inntekter. Budsjett med driftsrammer og investeringsrammer er i balanse, men syner ei utvikling i dei finansielle måltala som ikkje er i samsvar vedtekne måltal. Dette har vore ei varsla utvikling over noko tid. Uføresette inntekter har i åra 2020-2023 utsett utfordringsbildet. Det makroøkonomiske biletet med auka rentekostnader, relativt høg prisvekst og mindre global stabilitet, gir lite grunn til å tru at ein kan vente denne typen drahjelp i åra som kjem. Kommunen må tvert om bu seg på større økonomisk uvisse og meir drastiske endringar frå år til år.

Kommunedirektøren er saman med dei tillitsvalde samde i at arbeidet med å vri organisasjonen til eit tillitsbasert operativsystem er den viktigaste oppgåva for kommunen, no og i åra som kjem. Dette fordi det er gjennom å lukkast med det tillitsbaserte at me vil klare å omstille oss til å møte den framtida som kjem - med færre hender, dårlegare økonomiske rammevilkår, og nye krav og forventingar til dei kommunale tenestene. Partssamarbeidet har lagt til grunn at alle løysingar må vurderast for å oppnå dette, også når det betyr organisatoriske endringar. Ved å sette innbyggjaren først, bruke det til å utfordre oss sjølv på måten me jobbar på og til slutt sette nye rammer saman med ei tydeleg hypotese som adresserer korleis - så vil ein kunne gjere kloke og opplyste val av løysingar, og sette desse raskt ut i live. I ein organisasjon som praktiserer tillitsbasert leiing, vil endringstakta alltid bli auka. Det er uunngåeleg fordi:

1. Leiarane vil ha mykje større merksemd på å forstå og omsetje kontekst og innsikt, og som leiar i ein organisasjon med eit tydeleg samfunnsoppdrag (som vår), så skal leiarane alltid søke dei beste rammene for jobben som skal gjerast. Tillitsbasert leiing vil bety leiarar som er mykje tydlegare, enn kva dei har måtte ha vore før, på å sette eigne rammer inn i ein større kontekst (av samfunnsoppdraget), og mykje tydlegare på kva ein forventar av nivå på tenestene. **Tydelegheit på rammene** er den grunnleggande føresetnaden for å kunne gje uavgrensa tillit til korleis dei tilsette løyser sine oppgåver innanfor denne ramma, som er kjerna i tillitsbasert leiing.
2. Dei **tilsette bør** alltid bry seg om sine rammer, og forstå dei så godt at ein kan utfordre dei der ein ser at det trengst. Saman med tilliten som tillitsbasert leiing er tufta på, kjem det også eit større ansvar for kvar enkelt tilsett til å forstå kvifor ein gjer som ein gjer, kva som er forventa at ein skal levere, og bruke det til å leie oppover. Forbetringar skjer alltid i lys av ein samla innsikt. I ein kommune er mykje gitt i samfunnsoppdrag, lover, reglar, politiske vedtak og føringar me må halde oss til. Denne forståinga må leiarane sørgje for at alle tilsette har, slik at dei som er tettast på tenestene kan supplere den overordna innsikta med deira konkrete innsikt i kva som fungerer - og ikkje fungerer - i sin kvardag. Utan at denne innsikta kjem nedanfrå og opp, så vil me aldri kunne hente ut potensialet som ligg i alle tilsette si kollektive forståing og kraft. Begge ingrediensane må vere på plass - leiarar som lyttar og tilsette som snakkar.
3. **Alle kan** bry seg om alt. I ein organisasjon som faktisk er bygd på tillit, så vil og kan, tilsette sjå moglegheiter og utfordringar også på andre område enn dei ein jobbar i sjølv. I ein toppstyrt og silobasert organisasjon vil det ofte bli oppfatta som utidig innblanding, men i ein tillitsbasert organisasjon så vil dei same initiativa bli ønska velkommen som nyttig innsikt, og i beste fall grunnlag for å tenke nytt rundt både rammer og gjennomføring.

Me er ikkje der enno, men desse tre punkta syner korleis den tillitsbaserte organisasjonen skil seg frå den toppstyrte i praksis - og ikkje minst i potensiale. Vegen fram til ein slik form for tillitsbasert organisasjon vil vere både lang og humpete, difor er det spesielt viktig at ein rustar organisasjonen til at ein kan hjelpe kvarandre - på tvers av sektorar og nivå - i tida framover. Tillitsbasert leiing er eit nytt omgrep for mange, og me ser noko forvirring både hos leiarar, tilsette og innbyggjarane.

Det å sortere rammer frå korleis me løyser oppgåvene, er ein ny måte å tenke på for mange. Nokre trudde det skulle bli mindre leiing, og vert overraska når leiarane vert tydlegare enn nokon gang på å ramme inn og formulere forventningar. Andre har vore så lite van med å få vere med å bestemme korleis ein skal løyse oppgåvene sine, at ein ikkje veit kvar ein skal starte. Dette vil gå seg til, og bli brukt mykje tid på framover slik at alle vert trygge - i sitt eige tempo. Ein har blitt samde om følgjande føresetnadar for arbeidet:

- alle prosessar skal vere nedanfrå og opp
- alle deltakarane i partssamarbeidet er solidarisk ansvarleg for å informere, kommunisere og gje kontekst til sine
- tidleg medverknad betyr at ein startar med å identifisere og forstå problema i fellesskap
- me skal snakke med kvarandre, ikkje om kvarandre
- me skal bruke partssamarbeidet til å utvikle oss i lag som gruppe
- me står oftare saman om sakene me jobbar med
- arbeidsforma er skalert til teneste/avdelings-leiar + verneombod + tillitsvald
- me viser fram fleire gode døme
- me gjennomfører undersøkingar av korleis partssamarbeidet fungerer/vert opplevd

Bakteppet for dette er at partssamarbeidet er samde om:

- den beste innsikta kjem nedanfrå og opp, ikkje ovanfrå og ned
- partane i partssamarbeidet ikkje er motstandarar, men kvarandre sine viktigaste medspelarar
- når ein vel å gje tillit, så får ein tillit tilbake


Ved å sette innbyggjaren først, bruke det til å utfordre oss sjølv på måten me jobbar på, og til slutt sette nye rammer saman med ei tydeleg problemhypotese som adresserer korleis - så vil ein kunne gjere kloke og opplyste val av løysingar, og sette desse raskt ut i live.

På heilt kort sikt kan underskotet i drifta i 2024 kan i nokon grad forklarast ved at kommunen byggjer ned sjølvkostfond innanfor vatn og avløp, og at innsparingskrava i pleie og omsorg er redusert i 2023 og 2024. Det reduserte innsparingskravet betyr ikkje at omstillingsbehovet i sektoren er blitt mindre, berre at det trengst meir tid for å klare omstillinga. Hovudgrepet for å oppnå balanse i økonomiplan vert difor auke i skattesatsen for eigedomsskatt for bustad og fritidshus. På lenger sikt er det arbeidet med ein tillitsbasert organisasjon som saman med omstillingsprosjektet SK2027 må identifisere konkrete tiltak for kostnadsreduksjon. Dette arbeidet byrjar for alvor ved inngangen til 2024.

Årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2024 består av fem delar:

- Innleiing med planmessige og økonomiske føresetnader kap. 1-3
- Driftsdel med hovudoversikter og sektorområda sine budsjett kap. 4-5
- Investeringsdel med investeringsprogram for planperioden kap. 6
- Klimabudsjett 2024-2027 ligg ved
- Prishefte 2024 ligg ved

Organisering



1 Nasjonale forventningar

1.1 Kommuneleva

§ 1-1 Lovens formål

«Loven skal legge til rette for at kommuner og fylkeskommuner kan yte tjenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggerne. Loven skal også legge til rette for kommunenes og fylkeskommunenes utøvelse av offentlig myndighet. Videre skal loven bidra til at kommuner og fylkeskommuner er effektive, tillitsskapende og bærekraftige.»

Krav til økonomistyring:

§ 14-1 Grunnleggende krav til økonomiforvaltningen

«Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.

Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.

Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.»

Det er vidare lovfesta at kommunestyret sjølv skal vedta økonomiplan og budsjett og finansielle måltal. Oppfølging av måltala føreset at handlingsreglar vert lagt til grunn for økonomiplanlegginga.

Handlingsreglane bør minimum ta for seg desse storleikane:

- fondsreservar
- likviditet
- langsiktig gjeld

Kommunane har sjølv ansvaret for god økonomistyring. Kommunar med sunn økonomi og eit handlingsrom vil kunne møte innstramningar eller uføresette hendingar ved å redusere driftsresultatet eller bruke tidlegare avsetningar, utan at det får direkte konsekvens for tenestnivået. Økonomiplanen er eit sentralt styringsverktøy for ressursstyring.

Økonomiplanen skal ta utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå vedtekne mål.

Økonomiplanen gjev såleis retning for utvikling av kommunen sine tenestetilbod og retning for samfunnsutviklinga.

1.2 Nasjonale rammevilkår

Nytt inntektssystem

Inntektssystemutvalet leverte sin rapport i slutten av august 2022. Endringar i inntektssystemet vert tidlegast innarbeidd frå 2025.

Statsbudsjettet 2024

Utkast til statsbudsjett 2024 vart lagt fram 6. oktober. Statsbudsjettet omtalar ulike satsingar og verkemiddel som er relevant for kommunane. Fleire ordningar er søknadsbaserte.

Nokre aktuelle satsingar er lista opp nedanfor:

- Bustadtiltak i distrikta – tilskot til bustadtiltak i distrikta, med føremål å auke tilgang på tilpassar bustadar i distrikta.
- Bustønad – regjeringa føreslår å vidareføre mellombels regelverk for bustøtte ut mars 2024.
- Breiband – auke ramma for tilskot til utbygging av breiband i område utan kommersielt grunnlag for utbygging.
- Bygdevekst – regjeringa føreslår å vidareføre ordninga med bygdevekstavtaler. Gjennom bygdevekstavtaler skal kommune og stat samarbeide om tiltak for busetting, betre tilgang på arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling. Sogndal kommune har saman med dei andre kommunane i indre Sogn inne søknad om bygdevekst.
- Husbanken si låneramme – auken i 2023 vert vidareført i 2024. Lån frå husbanken skal bidra til at fleire kan eiga bustad og til å auke tilgang på tilpassa bustader i heile landet.
- Nærtenestesenter – regjeringa føreslår å sette av midlar til pilotering av samlokalisering av statlege og kommunale tenester i område der innbyggjarar har lang veg til statlege tenester.
- Flyktningar til Noreg – regjeringa har i statsbudsjettet lagt til grunn at det vil komme 25 000 flyktningar til landet i 2024. Det er forventa at 20 000 kjem frå Ukraina.
- Frivilligsentralar – tilskot per frivilligsentral vert vidareført i 2024.
- Lesesatsing og innsats mot mobbing er prioritert.
- SFO – regjeringa vidarefører gratis kjernetid i SFO for 1. og 2. klasse og ei satsing på innhald SFO og vidareutdanning av SFO leiarar.
- Makspris barnehage – regjeringa føreslår å redusere makspris for barnehage.
- Rekruttering av spesialistar i allmenmedisin – regjeringa føreslår å auke talet stillingar for legar i spesialisering (LIS1-stillingar).
- Psykisk helse og rus og styrking av helsestasjonar og skulehelseteneste – kommunane får deler av bevillinga i rammetilskotet.
- Heildøgns omsorgsplassar – regjeringa føreslår å gje tilskot til etablering av 1500 nye heildøgns omsorgsplassar.
- Fastlegeordninga – pasienttilpassa basistilskot vart innført i 2023. Kommunane får kompensert i rammetilskotet for heilårseffekt av pasienttilpassar basistilskot.
- Bu trygt heime - reforma – regjeringa set av 75 mill. kr for å følgje opp tiltak i reforma. I tillegg 58 mil. kr til TØRN- prosjekt og fire mill. kr til tiltaket Jobbvinner.
- Ekstra arbeidsgjevaravgift for lønnsinntekter over 0,75 mill. kr. vert fasa ut. Grensa vert heva til 0,85 mill. kr frå 2024.
- Læringsarena og utstyr - rentekompensasjonsordning for investeringar i lokale og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert skule. I tillegg tilskotsordning for å få meir praktisk og variert læring for 5.-10.trinn. Tilskotet vert fordelt etter elevtal.

Fullstendig oversikt finn ein her [Statsbudsjettet 2024: A til Å - regjeringen.no](https://statsbudsjettet2024.no):

Det økonomiske opplegget for kommunane for 2024:

Regjeringa legg til grunn ein vekst i frie inntekter i 2024 på om lag 5,1 mrd. kr. Auken i frie inntekter skal mellom anna dekke demografikostander og auka pensjonskostnader. Det ligg og ei satsing på psykisk helse og rus, og ei styrking av skulehelsetenesta og helsestasjon, samt ein kompensasjon til kommunar som taper på modell for gradert basistilskot i dette reknestykket.

Det blir lagt til grunn ein lønnsvekst på 4,9 % og prisvekst på 3,4 %. Dette gjev ein kommunal deflator på 4,3 %, der løns- og prisvekst er vekta om lag 60/40. Kommunal deflator for 2024 er

redusert frå anslag på 4,5 % i revidert nasjonalbudsjett 2023 (RNB) til 4,3 % i Statsbudsjettet for 2024. Dette får følgjer for kva kostnadsvekst som vert lagt til grunn for berekning av rammetilskotet for 2024. Samstundes er det betydeleg uvisse rundt kva løns- og prisveksten blir i 2024.

Det er lagt til grunn at ein skattedel på 40 %. Maksimalsats for kommunal eigedomsskatt er uendra.

Det er kommunedirektøren si vurdering av statsbudsjettet i realiteten er eit nullvekstbudsjett. KS si vurdering av budsjettet er at det vil bli strammare rammer for kommunane. Ein auke i frie inntekter er ikkje lik auka handlingsrom då ein må møte dei demografiske endringane og pensjonskostnadane.

Endringar i oppgåver og konsekvensar for rammetilskotet:

Ordningar med særskilt finansiering i 2024, men som inngår i rammetilskotet i 2024 utgjer til saman 10,1 mill. kr i 2024. Dei viktigaste endringane i er oppsummert nedanfor:

- **Foreldrebetaling i barnehage:** Makssats for foreldrebetaling i barnehagane vert 3000 kr første halvår 2024 og redusert til 1500 kr frå 01.08.23. Reduksjonen i foreldrebetaling og heilårseffekt i 2024 av endringar som vart innarbeidd i statsbudsjettet 2023 er kompensert i rammetilskotet. For Sogndal kommune utgjer redusert foreldrebetaling frå 01.08.24 3,3 mill. kr i 2024.
- **Ny opplæringslov:** Kommunane er kompensert for endringar som følgje av ny opplæringslov frå hausten 2024. For Sogndal kommune utgjer kompensasjonen om lag 0,1 mill. kr. Tilskot på 0,5 mill. kr per grunnskule er vidareført i 2024. Tilskotet inngår i rammetilskotet.
- **Rettleiande sosialhjelpssatsar:** Auke i sosialhjelp vert kompensert i rammetilskotet. Sogndal kommune har i T2 2023 auka ramma for sosialhjelp med 1 mill. kr. Auken er mellombels vidareført i 2024.
- **Styrking av skulehelsetenesta og helsestasjon:** Kommunane vert kompensert i rammetilskotet. Tilskotet for Sogndal kommune utgjer i 2024 2,5 mil. kr. Dette er vidareføring av ei satsing på skulehelseteneste og helsestasjon.
- **Barnevernsreforma:** Endring i oppgåver og ansvar mellom stat og kommune. Sogndal kommune får kompensasjon i overgangen. Kompensasjonen utgjer 1 mill. kr i 2024. Inntekta inngår i rammetilskotet. Dette er ei vidareføring.
- **Pasienttilpassa basistilskot:** Tilpassing av basistilskot vart innført i 2023. Heilårseffekt av ordninga vert kompensert i ramme tilskotet for 2024. Effekten i 2023 var innlemma i rammetilskotet i 2023, men er ikkje konsekvensjustert i 2023 budsjettet. For Sogndal kommune utgjer kompensasjonen i 2024 om lag 0,6 mill. kr.

1.3 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa la i juni 2023 fram nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje berekraftig utvikling i heile landet. Regjeringa skal kvart fjerde år revidere retningslinjene. Dette er forankra i plan og bygningslova § 3-5 og 6-1. Dei nasjonale forventningane skal følgast opp i kommunen sitt arbeid med planstrategi og planar, og leggast til grunn for staten si medverknad i kommunal planlegging. I forventningsdokumentet for 2023-2027 har regjeringa teke utgangspunkt i desse fem overordna perspektiva:

- samordning og samarbeid i planlegginga
- trygge og inkluderande lokalsamfunn
- velferd og berekraftig verdiskaping

- klima, natur og miljø for framtida
- samfunnstryggleik og beredskap

Under kvart av perspektiva er det konkrete forventningspunkt, til saman 72 punkt. Planlegging er eit viktig verktøy for å følgje opp forventningane.

2 Planmessige føresetnader

2.1 Planhierarkiet

Samfunnsplanen ligg øvst i planhierarkiet og gjeld alt kommunen gjer. I tillegg spelar den opp til innbyggjarane og alle andre aktørar i kommunen. Planen har eit ti-årsperspektiv og vert rullert kvart fjerde år. Samfunnsplanen skal etter lova ha ein handlingsdel, og i Sogndal kommune er økonomiplanen handlingsdelen.

Arealdelen av kommuneplanen, med påfølgjande områdeplanar og detaljreguleringsplanar, set rammene for framtidig arealbruk i kommunen. Arealdelen har som hovudregel eit ti-årsperspektiv, og vert rullert kvart fjerde år.

Strategiar er politisk forankra styringsdokument. Døme er planstrategi, kulturstrategi, digitaliseringsstrategi, oppfølgingsplan for heilskapleg ROS-analyse og strategi for bustad, arbeid, klima og transport (BAKT). Strategiane gjeld som hovudregel for fire år eller meir. Planstrategien skal utarbeidast første år i kommunestyreperioden og gjeld som hovudregel ut perioden.

Økonomiplanen er ein langsiktig plan for kommunen sine økonomiske prioriteringar. Økonomiplanen gjeld for fire år og vert rullert kvart år saman med utarbeiding av årsbudsjetta.

I juni 2021 vedtok kommunestyret ny samfunnsplan. Denne legg dei overordna føringane for alt arbeid som Sogndal kommune skal gjere, og for korleis samfunnet skal utvikle seg i åra framover. Samfunnsplanen har tre overordna mål som skal ramme inn all aktivitet. Desse tre måla kan brukast til å kontrollere om det me gjer, måten me gjer det på og retninga me går er med på å bygge opp under **skaparkraft, livskvalitet og miljømedvit**.

For budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 koplar me kvar sektor sine satsingar opp mot hovudmåla i samfunnsplanen. Nokre satsingar er på tvers av sektorar – dette siste er avgjerande for å nå dei overordna måla.

2.2 Samfunnsplanen som verktøy

Dette er oss – visjon, posisjon og verdier

Visjon - livskvalitet og utviklingskraft i Sogn.

Livskvalitet fordi me vil at innbyggjarane skal kunne leve det gode liv i kommunen vår. Livskvalitet har alltid vore viktig for sogningen, og nærleiken til fjelltoppane, fjorden og skogen skapar rammer rundt kvardagslivet som mange set pris på. Utviklingskraft fordi me vil vere ein kommune som skapar vår eiga utvikling, og har innbyggjarar som finn rom for å nytte si eiga skaparkraft. Sogn fordi Sogndal ønskjer å bidra til ei utvikling som er større enn oss sjølve, og vil spele på lag med regionen vår.

Posisjon: Utfordrarbyggda?

Sogndal kommune er fylt av livskraftige lokalsamfunn som er stolte av kven dei er. Ofte på trass av føresetnadar frå naturen og samfunnstrendar meir enn på grunn av. Sjølv om bygdene er ulike i

storleik og har kvar sin eigenart, så deler dei ein vitalitet og ein styrke. Dette gjev dei som bur der trua på at dei er i stand til å skape si eiga utvikling, trass store trendar som globalisering, urbanisering og digitalisering. Dei står i ein utfordrarposisjon og tek opp kampen med dei store.

Verdier: Verdiane våre er forkorta **S-O-G-N** og skal gje oss retning i vår arbeidskvardag.

Me ønskjer å jobba tverrfagleg, tek felles ansvar og *samskapar* med dei som bur og lever her. Me er ein *open* og transparent kommune, der me er opne for andre sine tankar, idear og innspel. Me møter kvarandre med respekt og omsorg, gjer kvarandre *gode* og leverer tenester med rett kvalitet. Me er *nysgjerrige* på kvarandre, inviterer til mangfald og grup nye moglegheiter.



2.3 Satsingsområda i samfunnsplanen

Samfunnsplanen gjev retning for alt kommunen gjer. Den er innramma av tre overordna mål: **livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit**. Alt me gjer, og alt me satsar på skal vere i samsvar med desse overordna måla. Vidare tek samfunnsplanen ein posisjon: Me skal vere **utfordrarbygda**. Det speglar levande og livskraftig lokalsamfunn i heile kommunen, men betyr òg at kommunen sjølv skal tørre å utfordre. Det gjeld eigen praksis, dei rundt oss og overordna styresmakter. Utfordrarbygda skal bruke verdiane til å utfordre oss sjølv og andre på å vere samskapande, open, god og nysgjerrig. Uavhengig av sektor, teneste og arbeidsstad.

Det er dei fem satsingsområda som skal gje overordna retning. Best på oppvekst, skapt for aktiv livsstil, kompetansemiljø i eliteserien, fruktbare tettstadar og utviklingslokomotiv i Sogn er alle tydelege på retning, og vidfemnande nok til å kunne gje retning for alt me gjer. Mesteparten av samfunnsplanen seier noko om korleis me skal jobbe, og har såleis ikkje konkrete økonomiske konsekvensar – det skal løysast i kvardagen i tenestene. I tillegg peikar samfunnsplanen på nokre spesifikke føringar som må vurderast i økonomiplanen.

- a. Områdeplanar for tettstadane
- b. Bustadinvesteringar – bustadpolitisk og bustadsosialt
- c. Nye og oppgradering av barnehagar og skular
- d. Torg og aktivitetsparker
- e. Møteplassar for ungdom
- f. Frivilligsentralar med utlånsordningar
- g. Subsidiering av tilbod for utsette grupper
- h. Rekreasjonsområde, aktivitetsanlegg, fjordstiar, turvegar, treningsområde, leikeplassar, kvileplassar og møteplassar
- i. Infrastruktur for gange- og sykkel
- j. Parkeringsanlegg
- k. Veginvesteringar
- l. Sognepunkt – infrastruktur for parkering, informasjon, toalett mm.
- m. Anlegg for fjordvarme og eller andre klimavenlege energiløysingar
- n. Digitale verktøy for tilsette og innbyggjarar
- o. Utbygging av 5G i regionen

p. Regionale utviklingsprosjekt

Rapportar og anna skriftleg arbeid kjøpt av Sogndal kommune skal vere skriva på nynorsk.

Ikkje alt kan realiserast på ein gang, og lista er ikkje nødvendigvis uttømmande. Der kunnskapsgrunnlaget manglar eller er for dårleg, vil ressursbruken i budsjett- og økonomiplansamanheng også kunne handle om kunnskapsinnhenting og kartleggingar. Dette vil dels verte løyst innanfor rammene, og dels ved å kjøpe kapasitet og kompetanse eksternt. Samfunnsplanen gjeld i 10 år, og satsingane vil måtte realiserast over fleire økonomiplanperiodar.

Ut i frå samfunnsplanen skal det i 2024 prioriterast innsikt og arbeid med klimatiltak, få fram barnet si røyst rundt eiga utvikling, vidareutvikling av omsorgstrappa, rekruttering av fagfolk og tilrettelegging for at dei som treng det mest kan delta fullt ut i samfunnet.

I kapittel 5 gjer dei ulike sektorane greie for korleis sine satsingar er knytte til samfunnsplanen.

3 Økonomiske føresetnader og rammevilkår

3.1 Renteutvikling på lån

Rentebana som ligg til grunn i budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 er berekna ved å nytte Kommunalbanken sitt verktøy KBN Finans. Her er gjeldande og simulerte framtidige lån teke med. Det er lagt til grunn at låneopptak vert utført halvveges i året. Tala er basert på marknadsprisinga 18.10.23. Med grøne lån vil ein oppnå 0,1 %-poeng lågare rentenivå.

Rentebana summert i tabell 2.1 tek omsyn til at deler av gjelda er knytt til fastrente. Om ein skal låne eit gitt tal millionar ekstra er det ikkje rentebana for ØP 24-27 ein står ovanfor, men dagens marknadsrenter (NIBOR 3M) pluss eit påslag på 0,6 %¹. Kommunalbanken si tilråding til budsjettrenter inkl. nemnte påslag er opplyst i tabell 2.2. Rentetoppen er spådd å vere i 2024, men det er venta at det tek tid før renta går vesentleg ned.

Tabell 3.1 Oppdatert Rentebane

	2023	2024	2025	2026	2027
Rentebane ØP 24-27	3,92 %	4,47 %	4,07 %	3,89 %	3,93 %
Rentebane ØP 23-26	3,42 %	3,50 %	3,44 %	3,41 %	
Rentebane ØP 22-25	2,12 %	2,21 %	2,19 %	-	

Kjelde: KBN Finans 18.10.23


Tabell 3.2: Marknadsrenter

	2023	2024	2025	2026	2027
NIBOR 3M + påslag	4,42%	5,33%	4,86%	4,45%	4,28%

Kjelde: KBN Finans 18.10.23

Figur 3.1 Renteutvikling illustrert

¹ Dette påslaget er i tråd med tilråding frå Kommunalbanken 25.09.23



Sogndal kommune har fastrente på noko av gjelda og rentenivået kommunen står ovanfor vil difor avvike frå flytande marknadsrenter. Like fullt ser ein også ei auke i estimert rentenivå for Sogndal kommune, i forhold til førre økonomiplan med 0,97 % i 2024 og 0,63 % i 2025 og 0,47 % i 2026. Eit enkel døme på effekten er at 1-prosentpoeng renteauke og 1 mrd. kroner i gjeld medfører årleg kostnadsauke i drift på 10 mill. kroner.

3.2 Avkastning på innskot i bank og finansielle omløpsmidlar

Sogndal kommune har om lag 100 mill. kroner til forvaltning. Midlane er fordelt på aksjar, obligasjonar (fond) og bankinnskot. Forvaltninga av midlane følgjer vedteke finansreglement. Avkastninga i 2023 per 30.09 er på 3,8 mill. kroner. I økonomiplanperioden er det lagt til grunn ei forventa avkastning på avkastning på 5 %, som utgjør 5 mill. kr. per år. På bankinnskot er det lagt til grunn ein grunnlikviditet på 100 mill. kr og ein avkastning på 5 %, som utgjør 5 mill. kr per år. Sogndal kommune skal fornye bankavtala frå 01.01.24. Renter på bankinnskot vert fastsett i bankavtale.

3.3 Lønns- og prisvekst

Deflator for kommunesektoren vert utarbeidd av finansdepartementet i samband med statsbudsjettet. Kommunal deflator for 2024 er på 4,3 %. Kommunal deflator er ei 40/60 vekting av anslag på prisvekst på 3,4 % og ein lønnsvekstdel på 4,9 %.

Utgifter

I sektorrammene er kjøp av varer og tenester og inntekter auka med 2 %. Dette er noko under det som er anslag på prisvekst. Det er budsjettet med 4,9 % i lønnsvekst. Lønnsvekst er budsjettet på eige område og vert fordelt på sektorområda i løpet av budsjettåret, når resultatet av forhandlingar er kjent. Auken i straumbudsjett som vart vedteken i 2023 er ikkje vidareført.


Inntekter

I berekning av sektorrammet er det lagt til grunn ein auke på 3 % på inntekter. I prisheftet budsjettet er derimot konsumprisindeks eller kommunal deflator på 4,3 % lagt til for justering av dei fleste kommunale avgifter og gebyr.

På sjølvkostområda innanfor vatn og avløp, feiing og renovasjon ligg eigne sjølvkostberekningar til grunn. Samla gebyrauke frå 2023 til 2024 er på 4,6 %. Feiing aukar mest med 7,5 %. I perioden 2022 til 2027 er det lagt til grunn ein samla gebyrauke for kommunale avgifter på 3987 kr, frå 7913

kr i 2022 til 11900 kr i 2027. Beløpa er inklusiv mva. Gjennomsnittleg årleg auke på 8,5 %. Sjå figur 3.2 nedanfor.

Figur 3.2 Årsgebyr for kommunale avgifter i økonomiplanperioden inkl. mva



Kjelde: Momentum sjølvkost, Sogndal kommune 20.09.23

Husleige for kommunale utleigebustader vert regulert kvart år med konsumprisindeksen (KPI). KPI for september 2023 er på 3,3 %.


Alle utgifter og inntekter i økonomiplan er framskrive i 2024-prisar.

3.4 Folketalsutvikling

Statistisk sentralbyrå sine middelsvekst framskrivingar for folketal vert lagt til grunn for planlegginga framover. Figuren nedanfor syner at folketalet i Sogndal kommune er forventa å ha ein sterkare folketalsvekst enn både Vestland samla og landet elles. Folketalet var om lag 12 300 personar 1.1.23. Det er forventa at talet stig til 13 000 i løpet av 2030. Veksten er på om lag 100 personar i året.

Figur 3.3 Folketalsutvikling 2022-2042

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter statistikkvariabel og år. Sogndal.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Folketalsauke per aldersgruppe viser at veksten er prosentvis størst blant eldre over 67 år. Auken er på over 10 % i planperioden 2024 til 2027. Når me ser på aldersgruppe 0-5 år så viser figuren at det har vore ein vekst i denne aldersgruppa, men at talet framover er rimeleg stabilt. For aldersgruppa 6-15 år viser framskrivinga at det kjem ein vekst på 6 % i planperioden, men med vidare vekst til over 10 % frå 2022.

3.3 Utgiftsbehov

Endringar i folketal og endringar i aldersgrupper påverkar utgiftsbehovet i tenestene framover. Figur 3.4 nedanfor syner utvikling i utgiftsbehovet i kommunen.

Figur 3.4 Endra utgiftsbehov framover



Pleie og omsorg aukar mest, men det er og ein forventa auke i grunnskule. Staten tek utgangspunkt i folketal i si fordeling av sentrale inntekter til kommunane. *Utgiftsutjamning* i rammetilskotet blir fordelt etter folketal per 1. juli året før budsjettåret. *Inntektsutjamning* vert

fordelt etter folketal per 1. januar i budsjettåret. Auka inntekter inneber ikkje nødvendigvis auka handlingsrom for kommunen, men vil heller gå til å dekke eit aukande tenestebehov.

Analysar av pleie og omsorg i 2021 og 2022 (Agenda-Kaupang-rapporten), på den andre sida, syner at pleie og omsorg i Sogndal kommune har eit stort innsparingspotensiale. Utfordringa framover vert å møte vekst og samstundes bli meir effektive. Innanfor pleie og omsorg har kommunen vedteke ein strategi og tiltak på kort og lang sikt for å møte komande behov. Innanfor oppvekst er det planlagt store investeringar i grunnskulen. Auka utgifter til drift av nybygg og auka kapasitet i skulen er ikkje innarbeidd i økonomiplan.

3.4 Ressursbruk KOSTRA

Tabellen nedanfor syner nettoutgifter per innbyggjar og tenesteområde basert på KOSTRA rapportering 2022. Beløpa for pleie og omsorg er justert for vertskommunetilskot PU, men inkluderer avskrivningar.

Tabell 3.3 Netto driftsutgifter per innbyggjar og formål samanlikna med andre

Beløp i kr	Kostra				Voss		
	Sogndal	gr 08	Vestland	Vestvågøy	Stad	herad	Luster
Grunnskule	17,386	18,386	17,183	17,725	16,097	18,918	20,478
Pleie og omsorg	29,971	25,872	24,525	21,055	22,418	21,935	23,891
Barnevern	1,714	2,936	2,829	2,228	1,719	3,701	2,259
Barnehage	9,790	10,565	10,005	9,651	9,942	9,947	10,635
Kommunehelse	4,951	5,081	4,356	4,894	3,397	4,441	4,690
Sosiale tenester	3,158	3,710	3,975	3,983	3,909	4,896	5,094
Kultur og idrett	2,229	3,351	2,911	2,727	2,223	2,975	4,239
Plan, kulturminne, natur og nærmiljø	1,183	1,117	1,151	746	1,149	1,120	1,370
Adm, styring og fellesutgifter	6,367	6,968	5,535	5,890	6,621	6,812	6,257
Andre områder	3,118	994	1,528	4,416	4,364	1,832	-14,444
- Brann og ulykkesvern	1,389	1,438	1,123	1,178	876	1,021	1,611
- Kommunale bustader	365	86	256	-42	620	851	964
- Samferdsel	1,698	2,423	1,268	1,998	2,341	2,821	4,454
- Næringsforv. og konsesjonskraft	-1,119	-3,845	-2,000	418	-429	-3,653	-22,875
- Landbruk	103	128	113	96	84	58	138
- Kyrkje	682	764	768	768	872	734	1,264
Totalt	79,867	78,980	73,998	73,315	71,840	76,579	64,470

Kjelde: Sogndal kommune, Framsikt KOSTRA 2022

Tabellen syner at det er på tenesteområde pleie og omsorg og samfunnsutvikling (plan, kulturminne, natur og nærmiljø) at kommunen har utgifter per innbyggjar som er høgare enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppa. KOSTRA-tal vil vere nyttige i omstillingsarbeidet.

Tabell 3.3 viser at driftsutgifter totalt vert påverka av at fleire kommunar, inkludert Sogndal kommune, har hatt netto inntekter på kraftsal og liknande i 2022. Innanfor grunnskule, barnehage, kultur, idrett, kommunehelse, administrasjon og sosiale tenester har Sogndal kommune utgifter som under gjennomsnittet i KOSTRA-gruppa.

4 Hovudoversikter

Kommunelova § 14-4 Økonomiplan og budsjett og forskrift om økonomiplan, årsbudsjett og årsrekneskapet § 5-1 og § 5-4 set krav til innhald i årsbudsjettet og økonomiplan. Mellom anna oppstillingar som skal vere med i løyvingsoversikta i driftsdelen (løyvingsskjema 1). Kommunelova med forskrift set ikkje bestemte krav til oppstilling av sektorane sine budsjett og løyvingsskjema 2. Dette er opp til kommunestyret som har budsjettmynde.

For spesifikasjonar av rammene for sektorområda vert det vist til kap. 5.

4.3 Løyvingsoversikt drift (Løyvingsskjema 1)

Løyvingsskjema 1 inneheld dei inntekter og utgifter i driftsdelen til økonomiplan, som ikkje er knytte til særskilde tenesteområde. Samla budsjetttrammene for sektorområda (løyvingsskjema 2) er oppført samla i linje 6. Sum frå løyvingsskjema 2 syner totalramma for sektorområda ekskl. avsetjing og bruk av fond. Avsetjing og bruk av fond på tenesteområda er oppført på eigne linjer.

Tabell 4.1 Løyvingsoversikt drift (løyvingsskjema 1)

Løyvingsskjema 1 1000 kroner	Beløp i	Budsjett 2023	Budsjett 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027	Rekneskap 2022
1 Rammetilskot		-473 217	-525 191	-527 856	-527 860	-527 872	-456 323
2 Inntekts- og formueskatt		-379 971	-405 474	-405 474	-405 474	-405 474	-387 097
3 Eigedomsskatt		-74 974	-92 382	-98 780	-100 390	-100 390	-72 435
4 Andre generelle driftsinntekter		-65 574	-79 568	-79 363	-79 175	-79 005	-66 709
5 Sum generelle driftsinntekter		-993 736	-1 102 615	-1 111 473	-1 112 899	-1 112 741	-982 563
6 Sum frå løyvingsskjema 2		958 679	1 048 726	1 057 886	1 014 942	1 004 333	934 311
7 Avskrivningar		70 390	75 538	75 538	75 538	75 538	71 623
8 Sum netto driftsutgifter		1 029 069	1 124 264	1 133 424	1 090 480	1 079 871	1 005 933
9 Brutto driftsresultat		35 332	21 650	21 951	-22 419	-32 870	23 370
10 Renteinntekter		-10 500	-18 000	-18 000	-18 000	-18 000	-8 439
11 Utbyte		-8 000	-11 000	-10 000	-10 000	-10 000	-9 545
12 Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel		-3 500	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000	-867
13 Renteutgifter		40 500	63 200	66 500	72 000	75 000	24 467
14 Avdrag på lån		41 000	45 000	48 000	57 000	60 000	44 244
15 Netto finansutgifter		59 500	74 200	81 500	96 000	102 000	49 860
16 Motpost avskrivningar		-70 390	-75 538	-75 538	-75 538	-75 538	-71 623
17 Netto driftsresultat		24 442	20 312	27 913	-1 957	-6 408	1 607
Disponering eller dekking av netto driftsresultat							
18 Overføring til investering		2 880	2 800	2 800	2 800	2 800	3 780
19 Avsetjing til bundne driftsfond		2 788	3 902	3 902	3 902	3 902	13 509
Bruk av bundne driftsfond		-14 473	-14 701	-13 930	-11 724	-7 780	-11 826
19 * Herav frå Løyvingsskjema 2 (netto)		-11 685	-12 198	-11 427	-9 221	-5 277	198
20 Avsetjing til disposisjonsfond		36 851	51 244	51 244	56 864	57 370	50 725
Bruk av disposisjonsfond		-52 488	-63 557	-71 929	-49 885	-49 885	-57 797
20 * Herav frå Løyvingsskjema 2 (netto)		-36 311	-48 640	-48 640	-48 640	-48 640	-36 258
21 Dekking av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0	0	0
Sum diponeringar eller dekking av netto driftsresultat		-24 442	-20 312	-27 913	1 957	6 408	-1 607
23 Framført til inndekking i seinare år		0	0	0	0	0	0

4.2 Driftsinntekter

Rammetilskot

I oppdatert prognosemodell frå KS aukar rammetilskot til 470,8 mill. og inntektsutjamninga til 54,4 mill. kr, totalt 525,2 mill. kr. i 2024. Dette er 52 mill. kroner høgare enn opphavelag budsjett 2023. Frå 2024 til 2025 aukar rammetilskotet ytterlegare med om lag 2,6 mill. kr. Rammetilskotet er oppdatert med endringar i framlegg til statsbudsjettet. Det kan komme endringar i rammetilskotet som følgje av Stortinget si handsaming av budsjettet.

Tabell 4.2 KS prognosemodell for 2024

Rammetilskot Beløp i 1000 kroner	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Innbyggjartilskot (likt beløp per innb.)	338860	363619
Utgiftsutjamning	30696	40630
Overgangsordning – INGAR	-495	-890
Saker særskilt fordeling (inkl. per grunnskole, helsestasjon skolehelse, barnevernsreform, bortfall eigedomsskatt og arb.avg.)	7961	10109
Inndelingstilskot/trekk Nannestad/Ullensaker	45445	47399
Regionsentertilskot	4351	4544
Veksttilskot	0	0
Ordinært skjønn	5400	5400
Sum rammetilskot utan inntektsutjamning	432218	470811
Netto inntektsutjamning	40999	54380
Sum rammetilskot før ekstra skjønn frå Statsforvaltaren	473217	525191

Kjelde: KS prognosemodell 20.10.23

Skatt på inntekt og formue

I oppdatert prognosemodell frå KS er anslått skatteinntekt for 2024 på 405,5 mill. kr. Dette er ei auke på 25,7 mill. kroner samanlikna med opphavelag budsjett 2023. Prognose på inntekts- og formueskatt er justert med endringar i statsbudsjettet og kommunal deflator.

Eigedomsskatt

Følgjande satsar er tilrådd lagt til grunn for budsjetterte inntekter på eigedomsskatt:

- Skattesats for energianlegg og næring 7 promille
- Skattesats for anna fast eigedom (t.d. naust og tomt) 7 promille
- Skattesats for bustader og fritidsbustader: 3,6 promille i 2024 og 4 promille frå 2025

Dette er dei same satsane som er vedtatt tidlegare og som vart lagt til grunn for ØP 23-26.

I berekningane for eigedomsskatt er det lagt til grunn fakturert eigedomsskatt i 2023 og budsjettert auke i vedteken økonomiplan 2023-26. Auken i økonomiplan er på 17,4 mill. kr frå opphavelag budsjett 2023 til 2024 og 6,4 mill.kr frå 2024 til 2025. Ytterlegare 1,6 mill. frå 2025 til 2026. Ingen endring frå 2026 til 2027.

Alle prognosar og berekningane byggjer på skjønsmessige vurderingar i høve til framtidig takstgrunnlag, og er å sjå på som beste estimat. Det er også nytta skjønn ved fastsetjing av auken i skatteobjekt. I skattegrunnlaget for kraftverk inngår ei berekning av gjennomsnittleg spottpris over ein 5-årsperiode

Ei oppdatert prognose vil først vere klar midt i starten av desember når ein får oppdaterte tal på verdigrunlaget på kraftproduksjon.

Andre generelle driftsinntekter

Rentekompensasjon og investeringstilskot aukar med 1,5 mill. kr. i 2024 og vert redusert med 0,2 mill. per år resten av økonomiplanperioden. Ny prognose for 2024 er 4,6 mill. kr. Auken er knytt til høgare rentenivå.

I økonomiplanen er det budsjettert med eit flyktningstilskot på 50 mill. kr kvart år frå 2024-2027. Utgifter på sektor er tilsvarande. Nettoeffekten på budsjettet er difor ikkje stor.

Prognosar syner at dersom kommunen busett 100 flyktningar i 2024 og 30 flyktningar kvart år frå 2025-2027 vert slik:

Integreringstilskot Beløp i 1000 kr	Budsjett 2023	Budsjett 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
Prognose 100 i 2024	36 000	70 000	62 000	48 000	36 000
Lagt til grunn i B 2024 og ØP 24-27	36 000	50 000	50 000	50 000	50 000

Prognosen ovanfor byggjer på fleire føresetnader, mellom anna at alle busette flyktningar vert buande heile året, og ei tenkt fordeling med 15 einslege vaksne, 55 vakse og 30 barn.

Kommunen mottok integreringstilskot for busette flyktningar i 5 år, føresett at dei vert buande ei kommunen i heile integreringsperioden. Sogndal kommune har fått anmodning om busetting av 160 flyktningar i 2024. Kommunestyret får framlagt sak og skal ta stilling til anmodninga innan februar 2024. Budsjett for sektorane knytt til integreringsarbeid og prognose for integreringstilskot må oppdaterast i samsvar med vedtak eit vedtak i februar.

Vertskommunetilskot HVPU vart etablert i 1993 og er eit tilskot som kommunen får som følgje av at bebuarar på institusjon vart buande i institusjonskommunen etter iverksetting av HVPU-reforma. Det ligg ikkje føre prognose for 2024, og i framlegg til statsbudsjett er ramma for vertskommunetilskot føreslått redusert med om lag 10 %. Vertskommunetilskotet er difor redusert frå 18,1 mill. kr til 16,8 mill. kr frå 2024.

Konsesjonsavgifta vert regulert kvar 5 år og er difor lagt inn uendra i planperioden på 2,49 mill. kr. Naturressursskatten ligg fast og er på om lag 5,8 mill. kr. Konsesjonsavgiftsfondet er ikkje frie midlar og vert avsett til bunde fond og brukt til generell finansiering.

Tabell 4.3 Oversikt over andre generelle inntekter

Andre generelle inntekter Beløp i kr	Budsjett 2023	Budsjett 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
Rentekomp omsorgsbustad og sjukeheim	-3 063 000	-3 749 902	-3 671 990	-3 594 071	-3 516 159
Rentekomp skular og symjeanlegg	-61 000	-521 406	-420 675	-336 237	-269 001
Rentekomp kyrkjer og kyrkjeinventar	-29 000	-293 915	-267 798	-242 077	-216 906
Tilskot flyktningar	-36 000 000	-50 000 000	-50 000 000	-50 000 000	-50 000 000
Vertskommunetilskot	-18 100 000	-16 681 500	-16 681 500	-16 681 500	-16 681 500
Naturressursskatt	-5 829 000	-5 829 000	-5 829 000	-5 829 000	-5 829 000
Konsesjonsavgift	-2 492 000	-2 492 000	-2 492 000	-2 492 000	-2 492 000
SUM andre generelle inntekter	-65 574 000	-79 567 723	-79 362 963	-79 174 885	-79 004 566

4.3 Finansielle inntekter og utgifter

Netto finansutgifter vil auke frå 65,5 mill. kr i opphavelag budsjett 2023 til 102 mill. kr i 2027. Den store auken er knytt til auke i rente- og avdragsutgifter på investeringslån som summerer seg til 122 mill. kr i 2027. Til samanlikning er rente- og avdragsutgifter budsjettert til 81,5 mill. kr. i 2023. Framskrivning av rente og avdragsutgifter er basert på framlegget til investeringsprogram som ligg i kap. 6.

Tabell 4.4 Netto finansutgifter

Finansutgifter	Budsjett 23	Budsjett 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
Renteinntekter bankinnskot	-4 500 000	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Renteinntekter på utlån	-5 500 000	-13 000 000	-13 000 000	-13 000 000	-13 000 000
Renteinntekter sum	-10 000 000	-18 000 000	-18 000 000	-18 000 000	-18 000 000
Utbyte	-8 000 000	-11 000 000	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-3 500 000	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Renteutgifter på investeringslån	40 500 000	50 200 000	53 500 000	59 000 000	62 000 000
Renteutgifter på startlån	5 500 000	13 000 000	13 000 000	13 000 000	13 000 000
Renteutgifter sum	46 000 000	63 200 000	66 500 000	72 000 000	75 000 000
Avdrag på lån	41 000 000	45 000 000	48 000 000	57 000 000	60 000 000
Netto finansutgifter	65 500 000	74 200 000	81 500 000	96 000 000	102 000 000

Renteinntekter

I 2024 er budsjetterte renteinntekter berekna til 18 mill. kroner. Av dette utgjer renteinntekter frå bankinnskot 5 mill. kroner, renter på startlån 13 mill. kroner.

Renteinntektene avheng både av kor mykje som står på konto til ein kvar tid og rentenivået. Ein del renter på bankinnskota gjeld renter av bundne fond som skal avsettast til fonda i rekneskapen. Dette gjeld VAR-fonda, konsesjonsavgiftsfondet og fondsmidlar vertskommunesamarbeid (regionrådet og PPT).

På bankinnskot er det lagt til grunn ein grunnlikviditet på 100 mill. kr og ei avkastning på 5 %, som utgjer 5 mill. kr per år. Sogndal kommune skal fornye bankavtala frå 01.01.24. Renter på bankinnskot vert fastsett i bankavtale.

Det er ikkje budsjettert med morarenter.

Det er lagt til grunn tilsvarende renteutgifter på startlån slik at netto rente på startlån er null i budsjett og økonomiplan.

Utbyte

Sogndal kommune budsjetterer med utbyte frå Sognekraft AS og Sogn og Fjordane Holding AS. I budsjett 2024 er det budsjettert med samla utbyte på 11 mill. kroner.

For 2024 er det allereie klart at Sogndal kommune vil få utbyte frå SF Holding på 5,6 mill. kr. Dette ettersom at SFE betalar utbyte til SF Holding som året etter vert gitt som utbyte til eigarane. Det er budsjettert med utbyte på om lag same nivå frå Sognekraft.

Utbyte heng saman med kraftprisane. For kommande år er det venta lågare kraftprisar og budsjettert samla utbyte er redusert til 10 mill. kroner frå 2025.

Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel

Sogndal kommune har 110,8 mill. kroner til forvaltning per 31.12.2022. Midlane er fordelt på aksjar, obligasjonar (fond) og bankinnskot. Forvaltninga av midlane følgjer vedteke finansreglement. I 2023 er det budsjettert med inntekter på 3,5 mill. kr, i 2022 var inntektene 0,9 mill. kr og i 2021 var inntektene 5 mill. kr.

Det er lagt til grunn 5 mill. kroner i årleg avkastning frå aksjar og obligasjonar. I økonomiplanperioden er det budsjettert med ei avkasting på om lag 5 % årleg.

Renteutgifter

Renteutgiftene knytt til investeringslån aukar med 21,5 mill. frå 40,5 mill. kr i 2023 til 62 mill. kr i 2027. Renter på mellom 3,9 % til 4,5 % er lagt til grunn (jf. kap. 2.2). Renteutgifter formidlingslån er auka frå 5,5 mill. kr til 13 mill. kr.

Avdrag på lån

I økonomiplanperioden er det lagt inn avdrag på til saman 210 mill. kr. Dette er 13 mill. utover berekna minsteavdrag til saman i økonomiplanperioden. Avdragsutgifter auka med 24 mill. kr i økonomiplanperioden frå 2023 til 2027.

Tabell 4.5 Avdrag på lån

	2023	2024	2025	2026	2027	Sum 24-27
Avdrag, investeringslån	41 000	45 000	48 000	57 000	60 000	210 000
Minsteavdrag, investeringslån	41 000	44 500	47 500	56 500	59 500	208 000

Kommunar er pliktig å betale minimumsavdrag og dette vert berekna basert på avskrivningar, lånegjeld og verdi på avskrivbare anlegg. I 2025, 2026 og 2027 er det budsjettert med marginalt høgare avdrag enn minsteavdrag. Uvissa om kva som faktisk blir minimumsavdraget er større utover i perioden. Utrekninga av minimumsavdraga vert påverka av avskrivningstid og investeringsvolum. Utrekninga er synt i tabell 4.6.

Tabell 4.6 Minimumsavdrag på lån

Minimumsavdrag Beløp i kr	2024	2025	2026	2027	2028
Gjeld 01.01	- 1 057 061 699	- 1 178 001 699	- 1 464 501 699	- 1 588 301 699	- 1 616 101 700
Anleggsmiddel 01.01	1 833 843 962	1 950 579 723	2 293 282 749	2 444 947 349	2 462 478 712
Nye anleggsmiddel ØP	194 750 000	430 500 000	243 000 000	108 800 001	-
Sum årets avskrivning	76 370 933	78 014 239	87 796 974	91 335 399	91 268 639
Minimumsavdrag	44 021 624	47 114 663	56 067 582	59 333 863	59 898 752

Overføring frå drift til investering

Årleg overføring av 2,80 mill. kroner frå drift til investeringsbudsjettet skal finansiere det årlege eigenkapitalinnskotet i KLP.

Avsetjing til disposisjonsfond

Integreringstilskotet som kommunen mottok vert kvart år vert avsett på eit eige disposisjonsfond/flyktingfond. Utgifter til busetting og integrering på tenesteområda vert dekkja med bruk av fond på sektor. Avsetting til disposisjonsfond på ansvar 990 omfattar flyktingfond 50 mill. kr per år i perioden 2024 til 2027.

Det er budsjettert med ei nettoavsetting til parkeringsfond på 1,2 mill. kr. Parkeringsfondet er eit disposisjonsfond som kommunestyret fritt kan disponere. Avsetting til parkeringsfondet vert ført som avsetting på sektor (løyvingsskjema 2).

Bruk av disposisjonsfond

Bruk av disposisjonsfond på ansvar 990 omfattar 1 mill. kr kvart år frå parkeringsfondet til finansiering av renter og avdrag.

Bruk av disposisjonsfond på sektor gjeld primært bruk av flyktingfond til å dekke utgifter til busetting og integrering av flyktingar. Budsjettert bruk av disposisjonsfond på sektor er til saman nesten 50 mill. kr kvart år i planperioden.

I 2024 er det budsjettert med ein netto bruk av disposisjonsfond på 12,3 mill. kr og netto bruk på 20,7 mill. kr i 2025. Det budsjettert med netto avsetting i 2026 og 2027 på høvesvis 6,8 mill. kr og 7,4 mill. kr.

Avsetjing bundne fond

På ansvar 990 er det budsjettert med avsetting av konsesjonsavgifta på 2,5 mill. kr til konsesjonsavgiftsfondet. Det er samstundes budsjettert med bruk av konsesjonsavgiftsfondet tilsvarande (sjå nedanfor). Årsaka til at det vert ført både avsetting og bruk er at midlane ikkje er frie, og skal først på eit bunde fond.

På ansvar 990 vert det budsjettert med årleg avsetting av renter til sjølvkostfonda og på sektor er det avsett 0,7 mill. kr som gjeld regionrådet og interkommunale samarbeid.

Samla budsjettert avsetting til bundne fond er på 3,9 mill. kr.

På sektor vil det vere t.d. vere aktuelt med avsetting av eventuelle unytta prosjektmidlar som skal periodiserast, avsetting av overskot på sjølvkostområda og avsetjing av overskot kontingentar interkommunale samarbeid.

Bruk av bundne fond

Det vert budsjettert med bruk av konsesjonsavgiftsfond på 1,8 mill. kr per år. Netto avsetting til fondet er såleis 0,7 mill. kr. per år.

Budsjettert bruk av bundne fond på sektor omfatta bruk av sjølvkostfond og bruk av avsette midlar til bestemte tiltak. Bruk av sjølvkostfond i 2024 er på om lag 8 mill. kr. Samla bruk av bundne fond på sektor er 12,9 mill. kr i 2024. Budsjettert bruk er redusert til utover i perioden til om lag 6 mill. kr i 2027.

Det er budsjettert med netto bruk av bundne fond i heile planperioden. Netto bruk i 2024 er på 10,8 mill. kr. Vidare i planperioden er fondsbruken usikker.

Sum av netto avsetting og bruk av fond, samt overføring til investering må vere lik nettodriftsresultat i ein økonomiplan i balanse.

4.4 Driftsutgifter - tenesteproduksjon

Tabell 4.7 Løyvingsskjema 2

Løyvingsskjema 2							Rekneskap
Beløp i 1000 kroner	Budsjett 2023	Budsjett 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027	2022	
Administrasjon	40 471	43 295	44 417	43 817	44 417	60 285	
Oppvekst	331 094	357 705	361 723	361 723	361 723	335 538	
Helse og omsorg	355 335	404 021	408 323	403 323	401 043	365 925	
Plan og forvaltning	112 983	98 224	92 851	90 095	87 119	90 560	
Kultur og næring	70 800	74 642	72 505	71 624	71 615	51 581	
Kraft	-34 000	-24 000	-16 000	-17 500	-17 500	-19 433	
Fellesområde pensjon og lønnsavsettingar	34 000	34 000	34 000	4 000	2 000	14 641	
Budsjettramme sektorområda	910 682	987 888	997 818	957 080	950 415	899 098	
Overført til løyvingsskjema 1							Rekneskap
	Budsjett 2023	Budsjett 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027	2022	
Budsjettramme eks. avsetj./bruk - fond	958 679	1 048 726	1 057 886	1 014 942	1 004 333	934 311	
Overføring til investering	0	0	0	0	0	900	
Avsetjing til disposisjonsfond	851	1 244	1 244	1 244	1 244	20 475	
Buk av disposisjonsfond	-37 162	-49 885	-49 885	-49 885	-49 885	-56 733	
Avsetjing til bundne driftsfond	296	710	710	710	710	10 024	
Bruk av bundne driftsfond	-11 981	-12 908	-12 137	-9 931	-5 987	-9 826	
Budsjettramme sektorområda	910 682	987 888	997 818	957 080	950 415	899 151	

Løyvingsskjema 2 er ei oversikt som viser nettoramme for drift per sektor og eit rammeområde for felles utgifter og inntekter knytt til sektorane. Ein sektor er sett saman av fleire ansvarsområde som naturleg høyrer saman. Sogndal kommune har inndeling i desse sektorområda: «administrasjon», «oppvekst», «helse og omsorg», «plan og teknisk» og «samfunnsutvikling, kultur og innovasjon». I tillegg fellesområde for pensjon og lønnsavsettingar og eit eige område for kraft.

Bruk av fond på sektorområda

Bruk av disposisjonsfond på sektorområda i 2024 er 49,9 mill. kr. All bruk av disposisjonsfond på sektor gjeld bruk av flyktningfond. Det er budsjettert med avsetjing til parkeringsfondet på om lag 1,2 mill. kr i 2024.

Det er budsjettert med 12,9 mill. kr i bruk av bundne fond i 2024. 7,4 mill. kr er bruk av sjølvkostfond innanfor vatn, avløp og renovasjon. Reglar for framføring av overskot på sjølvkostområda følgjer av forskrift. 2,75 mill. kr gjeld budsjettert bruk av bundne fond i Sogn regionråd. 2,75 mill. kr gjeld bruk av periodisering av prosjektmidlar på sektorområda.

Netto bruk av fond på sektorområda vert overført til løyvingsskjema 1 (jf. tabell 4.1).

4.5 Økonomiske måltal

Etter kommunelova § 14-2 skal kommunen vedta finansielle måltal for utvikling, slik at den økonomiske handleevna bli ivareteken over tid.

Sogndal kommune vedtok følgjande måltal i kommunestyret 28.10.21, sak 88/21.

- Netto driftsresultat > 1,75%
- Disposisjonsfond > 10%
- Langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar) < 85%

«Måltala skal fungere som rammer for budsjettarbeidet, men er ikkje bindande for budsjettet.»

Finansutvalet har lagt føringar for økonomiske måltal i budsjettprosessen om at gjeldsgrad i økonomiplanperioden, kan overstige målalet på 85 %. Men at resultatet på måltala for nettodriftsresultat og disposisjonsfond bør vere innanfor dei vedtekte måltala på 1,75 % og 10 % på kort sikt og i økonomiplanperioden. For 2027 bør likevel ikkje nye låneopptak overstige avdrag på investeringslån.

Netto driftsresultat

Rekneskapan i 2022 vart gjort opp med ei negativt netto driftsresultat på -1,6 mill. kr. I 2023 er det i opphavelig budsjett eit negativt netto driftsresultat på -24,4 mill. kr. Etter andre tertial er netto driftsresultat -20,6 mill. kr. 10,5 mill. kan forklarast med bruk av bundne fond sjølvkost og andre bundne driftsfond. Måltal for netto driftsresultat i 2022 og 2023 er difor negative i tabellen nedanfor.

Tabell 4.8 Framskrivning netto driftsresultat (NDR)

Netto driftsresultat Beløp i 1000kr	2022	2023	2024	2025	2026	2027
NDR	- 1 607	- 24 442	- 20 312	- 27 913	1 957	6 408
Sum driftsinntekter	1 429 212	1 409 414	1 496 151	1 497 641	1 505 166	1 511 759
NDR %	0,11	1,73	1,36	1,86	0,13	0,42
Måltal NDR %	1,75	1,75	1,75	1,75	1,75	1,75

Tabell 4.8 syner at resultatet er under målalet frå 2023 og kommunen er sårbar for uføresette hendingar. Det må vere ein strategi i økonomiplanperioden å redusere utgifter eller auke inntekter slik at den underliggjande drifta kjem i balanse. For å nå målalet må NDR vere 26,3 mill. kr. Avviket i 2024 er på over 45 mil. kr, men er redusert til om lag 20 mill.kr i 2027 føresett at kommunen greier å realisere innsparingskrava i «SK 2027» og at det ikkje oppstår andre uføresette hendingar som påverkar resultatet negativt.

Disposisjonsfond

Ved inngangen av 2022 var storleiken på disposisjonsfondet på 149,5 mill. kroner og utgjorde 10,5 % av sum driftsinntekter. Dette er innanfor målalet på minst 10 % av disposisjonsfondet. Framskrivning av driftsinntekter og nettofondsbudsjett som ligg i økonomiplan 2024-2027 slik utvikling i målalet for disposisjonsfondet.

Tabell 4.9 Framskrivning disposisjonsfond

Disposisjonsfond Beløp i 1000	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Disposisjonsfond	149 522	133 885	121 573	100 888	107 867	115 353
Sum driftsinntekter	1 429 212	1 409 414	1 496 151	1 497 641	1 505 166	1 511 759
Disposisjonsfond %	10,5	9,5	8,1	6,7	7,2	7,6
Måltal disposisjonsfond %	10	10	10	10	10	10

I planperioden syner framskrivingane at disposisjonsfondet vert redusert til om lag 115 mill. kr. I praksis vert fondet redusert med 35 mill. kr frå 2023 til 2027. Det er under måtalet, og føreset at kommunen lukkast med omstillingsarbeidet i SK2027. Samla avsetning til disposisjonsfondet må vere til saman 35 mill. kr høgare i planperioden for at me skal nå måtalet på 150 mill. kr og 10 %. Det kan verte naudsynt å endre på strategiar for forvaltning av kommunen sine omløpsmidlar for å sikre tilstrekkeleg likviditet gjennom året.

Gjeldsgrad

Tabell 4.10 nedanfor syner utvikling i gjeldsgrad i økonomiplanperioden. Det er planlagt særskilt ei stor investering og det er auka låneopptak i økonomiplanperioden. Utviklinga i gjeldsgraden med og utan formidlingslån er presentert i tabellen nedanfor. Utan formidlingslån aukar gjeldsgraden frå 76,4 % i 2023 til over 100 % i 2027. Dette er over måtalet på 85 %. Låneopptaket i 2027 er lågare enn tidlegare i perioden, men framleis høgare enn avdragsbetalinga slik at lånegjelda aukar. Det bør vere ein strategi i perioden å legge om drifta slik at ein frigjer midlar i drift til auka avdragsbetaling i 2027, slik at gjeldsgraden går ned. Sum driftsinntekter er henta frå økonomiplan og økonomisk oversikt i tabell 4.11.

Tabell 4.10 Framskrivning av gjeldsgrad

Gjeldsgrad 31.12 Beløp i 1000kr	2023	2024	2025	2026	2027
Sum driftsinntekter	1 409 414	1 496 151	1 497 641	1 505 166	1 511 759
Låneopptak	138 977	165 340	335 700	183 900	95 500
Avdrag	- 41 000	- 45 000	- 48 000	- 57 000	- 60 000
Lånegjeld 31.12 eks formidlingslån	1 077 039	1 197 379	1 485 079	1 611 979	1 647 479
Gjeldsgrad %	76,4	80,0	99,2	107,1	109,0
Lån til vidareutlån	60 000	60 000	60 000	60 000	30 000
Avdrag formidlingslån	- 7 000	- 2 000	- 2 000	- 4 000	- 6 000
Gjeld formidlingslån 31.12.	214 000	272 000	330 000	386 000	410 000
Gjeldsgrad % inkl. formidlingslån	91,6	98,2	121,2	132,7	136,1

Ramme for formidlingslån er redusert til 30 mill. kr frå 2027. Formidlingslån er lån som kommunen tek opp hjå Husbanken til vidareutlån.

4.6 Økonomisk oversikt drift

Tabell 4.11 Økonomisk oversikt drift per arts-gruppe

Økonomisk oversikt <small>Beløp i 1000kr</small>	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Regnskap 2022
Driftsinntekter						
1 Rammetilskudd	483 406	525 191	527 856	527 860	527 872	456 323
2 Inntekts- og formuesskatt	373 846	405 474	405 474	405 474	405 474	387 097
3 Eiendomsskatt	79 024	92 382	98 780	100 390	100 390	72 435
4 Andre skatteinntekter	8 321	8 321	8 321	8 321	8 321	8 279
5 Andre overføringer og tilskudd fra	86 542	79 262	79 057	78 869	78 699	75 737
6 Overføringer og tilskudd fra andre	175 304	179 155	179 955	179 955	179 955	230 262
7 Brukerbetalinger	49 003	48 071	44 111	44 111	44 111	49 085
8 Salgs- og leieinntekter	153 967	158 295	154 086	160 185	166 937	149 995
9 Sum driftsinntekter	1 409 414	1 496 151	1 497 641	1 505 166	1 511 759	1 429 212
Driftsutgifter						
10 Lønnsutgifter	759 615	790 883	794 511	758 001	754 321	737 627
11 Sosiale utgifter	184 388	193 630	193 630	193 630	193 630	172 218
12 Kjøp av varer og tjenester	323 797	336 487	336 313	335 329	335 161	362 420
13 Overføringer og tilskudd til andre	108 526	121 263	119 600	120 249	120 240	108 791
14 Avskrivninger	70 390	75 538	75 538	75 538	75 538	71 623
15 Sum driftsutgifter	1 446 716	1 517 801	1 519 591	1 482 747	1 478 890	1 452 678
16 Brutto driftsresultat	- 37 302	- 21 650	- 21 951	22 419	32 870	- 23 466
Finansinntekter						
17 Renteinntekter	15 000	18 000	18 000	18 000	18 000	8 543
18 Utbytter	15 320	11 000	10 000	10 000	10 000	9 545
19 Gevinster og tap på finansielle on	3 500	5 000	5 000	5 000	5 000	867
20 Renteutgifter	47 150	63 200	66 500	72 000	75 000	24 476
21 Avdrag på lån	41 000	45 000	48 000	57 000	60 000	44 244
22 Netto finansutgifter	- 54 330	- 74 200	- 81 500	- 96 000	- 102 000	- 49 764
23 Motpost avskrivninger	70 390	75 538	75 538	75 538	75 538	71 623
24 Netto driftsresultat	- 21 242	- 20 312	- 27 913	1 957	6 408	- 1 607
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
25 Overføring til investering	11 222	2 800	2 800	2 800	2 800	3 780
26 Avsetninger til bundne driftsfond	2 763	3 902	3 902	3 902	3 902	13 509
27 Bruk av bundne driftsfond	- 15 113	- 14 701	- 13 930	- 11 724	- 7 780	- 11 826
28 Avsetninger til disposisjonsfond	62 151	51 244	51 244	56 864	57 370	50 725
29 Bruk av disposisjonsfond	- 82 265	- 63 557	- 71 929	- 49 885	- 49 885	- 57 797
30 Dekning av tidligere års merforbr	-	-	-	-	-	-
31 Sum disponeringer eller dekning a	- 21 242	- 20 312	- 27 913	1 957	6 408	- 1 607
32 Fremført til inndekning i senere å	0	-	-	- 0	0	0

5 Sektorområda sine budsjett

Sektorrammer som er lagt til grunn i hovudoversikter i kap. 4 er synt i tabell 5.1. Samla budsjetttramme for sektorområda aukar frå 911 mill. kr til 988 mill. kr frå opphaveleg budsjett 2023 til 2024. Sektorane sine budsjett er kommentert kvar for seg i dette kapitelet.

Tabell 5.1 Sektorrammer

Løyvingsskjema 2		Ophaveleg	Budsjett 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027	Rekneskap
Beløp i 1000 kroner		budsj. 2023					2022
Administrasjon		40 471	43 295	44 417	43 817	44 417	60 285
Oppvekst		331 094	357 705	361 723	361 723	361 723	335 538
Helse og omsorg		355 335	404 021	408 323	403 323	401 043	365 925
Plan og forvaltning		112 983	98 224	92 851	90 095	87 119	90 560
Kultur og næring		70 800	74 642	72 505	71 624	71 615	51 581
Kraft		-34 000	-24 000	-16 000	-17 500	-17 500	-19 433
Fellesområde pensjon og lønnsavsetningar		34 000	34 000	34 000	4 000	2 000	14 641
Budsjetttramme sektorområda		910 682	987 888	997 818	957 080	950 415	899 098
Overført til løyvingsskjema 1		Ophaveleg	Budsjett 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027	Rekneskap
		budsj. 2023					2022
Budsjetttramme eks. avsetj./bruk - fond		958 679	1 048 726	1 057 886	1 014 942	1 004 333	934 311
Overføring til investering		0	0	0	0	0	900
Avsetjing til disposisjonsfond		851	1 244	1 244	1 244	1 244	20 475
Buk av disposisjonsfond		-37 162	-49 885	-49 885	-49 885	-49 885	-56 733
Avsetjing til bundne driftsfond		296	710	710	710	710	10 024
Bruk av bundne driftsfond		-11 981	-12 908	-12 137	-9 931	-5 987	-9 826
Budsjetttramme sektorområda		910 682	987 888	997 818	957 080	950 415	899 151

5.2 Administrasjon

Tabellen syner totalramme for tenesteområdet fordelt på dei ulike kontogruppene.

Budsjetttramme fordelt på kontogruppe beløp i 1000 kroner	Budsjett 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
Løn og sosiale utgifter	38 263	40 037	40 637	40 037	40 637
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	7 506	9 729	9 450	9 450	9 450
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	3 705	5 213	6 013	6 013	6 013
Overføringsutgifter	4 981	4 253	4 253	4 253	4 253
Finansutgifter og finansieringstransaksjonar	180	710	710	710	710
Salsinntekter	-1 834	-338	-338	-338	-338
Refusjonar	-9 979	-11 629	-11 629	-11 629	-11 629
Overføringsinntekter	0	-1 928	-1 928	-1 928	-1 928
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-2 351	-2 750	-2 750	-2 750	-2 750
Sum	40 471	43 295	44 417	43 817	44 417

5.2.1 Kort om sektoren

Sektoren er sett saman av personar med ulik fagbakgrunn og ulik kompetanse. Administrasjon har tilsette som jobbar med økonomi, HR, juridisk, personvern og GDPR, arkiv, lærlingar, politisk verksemd og kommunedirektør. Sektoren er òg sentral i å legge til rette for politisk styring og for kommunedirektøren sin overordna og heilskapleg styring og kontroll.

Tverrfagleg samarbeid gir større moglegheit til å til å skape gode heilskaplege tenester i organisasjonen. Sektoren har eit særskilt ansvar for å bidra til at måla og satsingane i samfunnsplanen vert realiserte, og å sjå både samanheng og heilskap i måten me drifter kommunen på for å oppnå måla. Det skal skje gjennom aktiv og framoverlent samskaping med alle sektorane og med eksterne. Gjennom ei aktiv pådrivarrolle skal sektoren utfordre andre på å ta del i utviklingsarbeidet.

Kommunen skal ha gode, likeverdige og kostnadseffektive tenester til det beste for innbyggjarane våre. Dette fordrar at sektoren tek på alvor den rolla ein har for å bidra til at resten av organisasjonen er best mogleg rigga for å gi desse tenestene.

Oppgåver som ligg til sektoren:

- politisk sekretariat
- HR
- innkjøp
- økonomi
- juridisk rådgjeving
- arkiv
- merkantile støttetjenester/bemanningsentral
- koordinering av vernetenesta, partssamarbeidet, organisasjons- og leiarutvikling og koordinering av lærlingar

5.2.2 Sektoren si oppfølging av samfunnsplanen

Samfunnsplanen for Sogndal skildrar det samfunnet me ønskjer oss i 2030 og samfunnsmåla skaparkraft, livskvalitet og miljømedvit gjev rammene for det me skal gjere. Desse overordna måla, legg også føringar på korleis administrasjonen skal jobbe.

Endringar i folketal og endringar i aldersgrupper påverkar korleis me skal organisere og rigge tenestene framover for å kunne jobbe med å realisere måla i samfunnsplanen. Det er nødvendig at sektoren er ein aktiv pådrivar og medspelar for at organisasjonen skal kunne omstille seg til tenestebehovet som er framover. For administrasjon inneber det at me må utfordre eigen praksis for å sikre at me leverer på lova sin intensjon, og vidare at me tek på alvor den rolla me har for å sikre at kommunen kan levere berekraftige tenester både no og i framtida.

Fleire rapportar og NOU'ar siste tida stadfestar dei kjente utfordringane kommunane må møte i tida framover. Ingen norske kommunar leverer på alle lovkrav i dag, og det er før dei vanskelege utfordringane verkeleg treff kommunane. Rekruttering, konkurranse om fagfolk og stabilitet i organisasjonen er utfordringar me allereie ser og som treff oss. Meir, fleire og større samarbeid er den tilrådde oppskrifta. Vidare blir me fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder og veksten i inntektene på statsbudsjettet er forventa blir relativt mindre. Kommunane må samarbeide mykje meir for å ta i vare generalistkommuneprinsippa om at alle innbyggjarar har rett på likeverdige tenester. Ingen kommunar slepp unna demografien og skjerpa krav til offentlege tenester og samfunnsutvikling. Dersom me ikkje legg til rette tenestene og organisasjonen for å treffe denne framtida vil det kunne ramme viktige velferdstenester, rettstryggleiken til innbyggjarane våre og utviklinga av lokalsamfunnet. Det er viktig at sektoren tek på alvor dei endringane som skjer rundt oss, tilpassar og utviklar oss, for at me skal kunne levere på samfunnsmåla i samfunnsplanen også i åra framover.

5.2.3 Overordna mål og sektorsatsingar

Satsingsområda er vurdert til å vere den beste måten til å nå måla i samfunnsplanen for 2030. Det er særleg relevant med satsingsområda *kompetansmiljø i eliteserien* og *utviklingslokomotiv i Sogn* der ein i 2024 skal jobbe særskilt med å:

- vere i front i bruk av digitale verktøy og løysingar i eiga verksemd gjennom å lære av andre
- trene organisasjonen i brukarorientert tenesteutvikling som er nyttig, kostnadssparande og hevar kvaliteten
- særskilt søke regionalt samarbeid innanfor alle felt der det er naturleg og mogeleg
- dele kunnskap og kompetanse med nabokommunane der dei ønskjer det
- jobbe vidare med leiarutviklingsarbeidet, og invitere med andre offentlege og private verksemdar til å samarbeide om leiarutvikling
- gjere innovasjon og tenesteutvikling til ein del av leiarskapet i Sogndal kommune

Administrasjonen må framover jobbe enda meir målretta med å få på plass og implementert digitale verktøy og løysingar slik at organisasjonen i størst mogleg grad kan drive tenesteutvikling som er nyttig, kostnadssparande, og hevar kvaliteten. Sektoren må vere aktiv bidragsytar til å få automatisert alle prosessar som kan automatiserast, samt at me legg til rette for at tenestene som jobbar direkte med innbyggjarane våre har best mogleg føresetnadar for å gjere dette.

Berekraftige tenester krev at ressursane våre vert nytta rett og til det beste for innbyggjarane. Kommunen må vere ein attraktiv arbeidsplass for å behalde, rekruttere og utvikle kompetanse innanfor alle fagfelt.

5.2.4 Innsparingstiltak

Sogndal kommune har, og vil framleis ha, eit stort omstillingsbehov. I 2024 vil det bli prioritert å rigge prosjekt SK 2027 slik at det er mogleg å realisere vedtekne innsparingskrav for kommunen med god medverknad og involvering av dei tilsette gjennom arbeidet med tillitsreforma. Sentralt i arbeidet er at dei tilsette sjølve skal peike på alle dei mange små endringane som kan og bør gjerast, for å yte betre tenester samstundes som ein reduser kostnadane og gjer arbeidet meir givande. Det er ein føresetnad at ein både lukkast med SK 2027 og aukar inntektene, for at driftsnivået blir på eit nivå som gjev økonomisk bereevne over tid.

Kommunen sitt arbeid med arbeidet med omstilling i SK2027 og den tillitsbaserte jobbinga må vere samanvevde. Skal ein lukkast med å finne løysingar på innsparingsbehovet som er synleggjort i økonomiplanperioden må arbeidet ha mandat til å kunne sjå på alle sider ved drifta. Dette inkluderer å kome med tilrådingar på struktur og nivået på tenestene. Partssamarbeidet vil såleis vere sentralt i arbeidet med SK2027. Samstundes vil den politiske forankringa av retningsvala som må takast vere heilt sentralt. SK2027 vil levere fortløpande løypemeldingar til finansutvalet vidare. Innsparingane knytt til SK2027 er innarbeid på fellesområde pensjon og lønnsavsetting.

5.2.5 Driftsbudsjett

Tabellen nedanfor viser totalramma for tenesteområdet med fordeling per ansvar

Budsjettamme fordelt på ansvar beløp i 1000 kroner		Opph Budsjett 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
100	Kommunedirektør	3 677	3 726	3 626	3 626	3 626
101	Lærlingar	4 163	4 390	4 390	4 390	4 390
130	Fellesansvar HR og støttetjenester	247	215	215	215	215
132	Arkiv	3 761	4 766	5 366	4 766	5 366
135	Personal og lønn	9 255	11 512	12 134	12 134	12 134
136	Bemanningsentral	1 800	0	0	0	0
150	Politisk verksemd	6 292	7 049	7 049	7 049	7 049
159	Sogn regionråd	0	0	0	0	0
160	Økonomi	11 275	11 637	11 637	11 637	11 637

SUM Administrasjon	40 471	43 295	44 417	43 817	44 417
--------------------	--------	--------	--------	--------	--------

Budsjettet skal dekke lønns- og personalkostnader til sektoren. I tillegg omfattar budsjettet lisensar, kontingentar, HMT og velferdstiltak, bedriftshelsetenester, budsjett til folkevalde, kontrollutval, kommunale råd og revisjon.

Kommentarar til budsjettrammer:

- Under arkiv er det budsjettert med 0,6 mill. ekstra i 2025 og 2027 i samband med gjennomføring av val.
- Forutan å sjå på moglegheitene for ny organisering og oppgåveløysing generelt i organisasjonen, vil ein tidleg i 2024 måtte sjå på organiseringa av arkiv. Arkivtenestene utfordrar budsjettet til administrasjonen og er bemanna med fleire folk enn det ein har budsjett til. Her må ein gjere tidleg grep, som t.d. nedbemanning for å drifte i samsvar med budsjett.
- Eventuelle utgifter til taksering, i samband med eigedomsskatt, er ikkje teke høgde for i budsjettet.
- Sektoren har ein del inntekter som gjeld sal av administrative tenester til t.d. Sogn brann og redning, kyrkjeleg fellesråd og interkommunale vertskommunesamarbeid.
- Refusjonar gjeld primært Sogn regionråd.
- Kontingent til Sogn regionråd og Sogn KO for 2024 er til saman 2,7 mill. kr.
- Revisjon og kontrollutval er budsjettert med til saman 1,5 mill. kr



5.3 Oppvekst

Tabellen syner totalramme for tenesteområdet for dei ulike kontogruppene.

Budsjettramme fordelt på kontogrupper Beløp i 1000 kroner	Opph Budsjett 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
Løn og sosiale utgifter	309 539	341 241	341 241	341 241	341 241
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	36 827	32 952	33 010	33 010	33 010
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	26 247	25 667	25 667	25 667	25 667
Overføringsutgifter	42 974	47 072	47 072	47 072	47 072
Salsinntekter	-27155	-24557	-20597	-20597	-20 597
Refusjonar	-43 463	-45 905	-45 905	-45 905	-45 905
Overføringsinntekter	-3 000	-4 273	-4 273	-4 273	-4 273
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-10 875	-14 493	-14 493	-14 493	-14 493
SUM	331 094	357 705	361 723	361 723	361 723

5.3.1 Kort om sektoren

Barn og unge i Sogndal kommune skal ha eit inkluderande oppvekstmiljø med nulltoleranse for mobbing, trakassering og andre krenkingar. Barn og unge skal bli sett og høyrte. Trygge og aktive born med gode føresetnadar til å meistre livet med sine nedturar og oppturar. Tidleg innsats for dei som treng det er eit overordna prinsipp i arbeidet med barn og unge. Kommunale tenester, fritid og heim skal gi alle eit godt fundament for livet vidare. Oppvekstsektoren er sett saman av personar med ulik fagbakgrunn og ulik kompetanse. Tverrfagleg samarbeid gir større moglegheit til å til å skape gode heilskaplege tenester for barn og unge. Sektoren består av barnehagar, skular, barnevern, pedagogisk psykologisk teneste og helsestasjonen.

Det er omlag 1450 elevar i Sogndalsskulen, 720 born i Sogndalsbarnehagen, i tillegg elevar/vaksne som får opplæringa si ved Sogndal opplæringscenter. I sektoren er det om lag 460 tilsette, i 16 barnehagar, der 4 er private, 12 kommunale barnehagar, der 3 av barnehagane inngår i eit oppvekstsenter. Det er 9 skular, der 3 er oppvekstsenter, 2 barneskular, 2 ungdomskular og 2 kombinert barne og ungdomsskular. I tillegg får fleispråklege elevar og vaksne opplæringa si gjennom Sogndal opplæringscenter. Kringsjø leirskule gjev leirskuletilbod til born og unge i om lag 20 veker i løpet av året. Helsestasjonen og skulehelsetenesta, pedagogisk psykologisk teneste og Sogn barnevern utgjør saman med skular og barnehagar «laget rundt barnet».

5.3.2 Sektoren si oppfølging av samfunnsplanen

Samfunnsplanen for Sogndal skildrar det samfunnet me ønskjer oss i 2030 og samfunnsmåla skaparkraft, livskvalitet og miljømedvit gjev rammene for det me skal gjere. Satsingsområda i samfunnsplanen er vurdert til å vere den beste måten til å nå måla for 2030. Satsingsområdet best på oppvekst handlar i første omgang om at barn og unge har det trygt og godt, har eit heilskapleg tenestetilbod i møte med eit mangfald av barn og unge med ulike føresetnadar, behov, interesser, mål og draumar. Best på oppvekst er tufta på eit inkluderande oppvekstmiljø der alle er velkomne i fellesskapet og kjenner seg likeverdige fagleg, sosialt og kulturelt.

Sogndal kommune sine overordna satsingar, som fastsett i samfunnsplanen, legg føringar på korleis oppvekstsektoren skal arbeida. Det er i det daglege møtet målet om å vere best på oppvekst skal realiserast. Kva som er barn og unge sitt beste er eit kjernesporsmål alle i sektoren må svare på kvar dag.

Ungt utanforskap er ei stor samfunnsutfordring som har store kostnader både for den einkilde og for samfunnet. Dette målretta oppdraget krev ein heilskapleg og tverrfagleg arbeidsmåte for å finne løysningar på den komplekse utfordringa som ungt utanforskap er. For at born og unge skal få ein god oppvekst og eit godt liv som vaksne må tenestene i Sogndal kommune samarbeide tettare og betre, både internt og ilag med andre. For å lukkast med dette må samarbeidet alltid ta utgangspunkt i barnet si stemme, då barnets beste er uløseleg knytt til barna si stemme.

Hovudsatsinga i sektoren er knytt måla og strategiane i plan for førebyggjande arbeid. Kvar barnehage og skule eit tverrfagleg samansett ressursteam som skal sikre tidleg innsats knytt til sosiale, faglege og emosjonelle vanskar som barn og unge kan møte. Sentralt i planen er ei vidareutvikling av samhandlingsmodellen "Betre tverrfagleg innsats (BTI)". Alle pågåande og nye satsingar skal støtte opp under arbeidet med måla i plan for førebyggjande arbeid. Døme på prosjekt/satsingar kan vere "Livsmeistringprosjektet – robuste barn og ungdom", læringsmiljøprosjektet, prosjekta i "laget rundt barnet" og dei desentraliserte kompetanseutviklingsordningane i tett samarbeid med UH-sektoren.

5.3.3 Innsparingskrav som ligg på sektor

I slutthandsaminga av budsjettprosessen la finansutvalet til grunn ein prisvekst på 2 %. For oppvekst utgjer 0,93 mil. kr. Sektoren har redusert kjøp av tenester frå private med 0,3 mill. kr og redusert med 60 % stilling i oppvekstadministrasjonen knytt innføring av Visma.

5.3.4 Driftsbudsjett

Tabellen nedanfor viser totalramma for tenesteområdet med fordeling per ansvar.

Budsjettamme fordelt på ansvar Beløp i 1000 kroner		Opph Budsjett 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
200	Fellesansvar oppvekst	6 451	5 948	5 948	5 948	5 948
201	Innsparingstiltak oppvekst	1 410	0	0	0	0
210	Sogn PPT	34	0	0	0	0
211	Logopedi	-11	0	0	0	0
220	Sogn barnevern	0	0	0	0	0
221	Sogn barnevern - tiltak Sogndal	21 600	20 372	20 372	20 372	20 372
222	Sogn barnevern - tiltak Luster	-97	0	0	0	0
229	Sogn barnevern - Lågterskel	0	0	0	0	0
230	Helsestasjon	9 824	12 092	12 092	12 092	12 092
250	Fellesansvar barnehage inkl. spesped	9 636	7 595	11 573	11 573	11 573
255	Sagatun barnehage	5 466	5 666	5 666	5 666	5 666
256	Fjordtun barnehage	1 736	1 595	1 595	1 595	1 595
257	Fjærland barnehage	1 424	1 548	1 548	1 548	1 548
258	Ylvisåker barnehage	3 743	5 501	5 501	5 501	5 501
259	Notsete barnehage	3 967	4 412	4 412	4 412	4 412
260	Kyrkjebakken barnehage	5 984	3 708	3 708	3 708	3 708
261	Kjørnes barnehage	11 937	14 019	14 019	14 019	14 019
262	Furuli barnehage	10 676	12 637	12 637	12 637	12 637
263	Fosshagen barnehage	15 821	15 818	15 858	15 858	15 858
264	Nybø barnehage	7 015	7 937	7 937	7 937	7 937
265	Henjahaugane barnehage	5 803	6 203	6 203	6 203	6 203
266	Kvernhushaugen barnehage	4 744	5 167	5 167	5 167	5 167
280	Sogndal studentbarnehage	7 858	8 578	8 578	8 578	8 578
281	Stedje barnehage	10 892	11 708	11 708	11 708	11 708
282	Rones barnehage	12 729	15 181	15 181	15 181	15 181
283	Askedalen barnehage	7 186	7 207	7 207	7 207	7 207
300	Fellesansvar skule	14 375	11 180	11 180	11 180	11 180
310	Sagatun skule og SFO	13 516	15 698	15 698	15 698	15 698
315	Fjordtun skule og SFO	1 848	1 558	1 558	1 558	1 558
320	Fjærland skule og SFO	2 762	2 779	2 779	2 779	2 779
325	Norane skule og SFO	4 672	5 024	5 024	5 024	5 024
330	Kaupanger skule og SFO	21 927	23 819	23 819	23 819	23 819
335	Trudvang skule og SFO	34 561	42 673	42 673	42 673	42 673
340	Kvåle skule	37 114	44 413	44 413	44 413	44 413
345	Leikanger barneskule og SFO	19 185	21 321	21 321	21 321	21 321
350	Leikanger ungdomsskule	13 701	13 866	13 866	13 866	13 866

390	Kringsjå leirskule	-161	-59	-59	-59	-59
399	Sogndal opplæringscenter	1 763	2 543	2 543	2 543	2 543
	SUM Oppvekst	331 094	357 705	361 723	361 723	361 723

Kommentarar til budsjetttrammene:

Barnehage

- Bemanningsnorm i barnehagane er lagt til grunn for barnehagane si budsjettering.
- Andre driftskostnader er i tråd med storleiken på barnehagen (tal born, avdelingar, tilsette og liknande).
- Tilrettelegging- og Spesialpedagogisk hjelp vert tildelt barnehagane etter vedtak. Budsjettet for 2024 bygger på erfaringstal frå 2023.
- Makssatsen for betaling av barnehageplass er føreslege justert nasjonalt, i Statsbudsjettet for 2024. Kostnadane for justeringa blir tilført kommunen gjennom rammeløyving.

Barnehagane jobbar med å utvikle felles kvalitetssystem og likeverdig praksis mellom dei ulike einingane. I det felles kvalitetssystemet ligg mellom anna utvikling av:

- Struktur for kvalitetsdialog med einingane
- Plan for oppfølging av borna sitt barnehagemiljø
- Fylgje råd frå Helsedirektoratet i høve mat og måltid
- Overgang frå barnehage til skule

Skulane

Budsjetttrammer for grunnskulane og SFO er fastsett i budsjettmodellen. Modellen fordeler timar og årsverk slik:

- Timar til ordinær undervisning: Ein grunnressurs til alle skuler og timar per elev. Alle skular skal få meir enn minstekravet i lova (gruppestorleik 2, lærarnorma).
- Timar til anna enn undervisning: Timar per elev
- Timar til spesialundervisning: Timar per elev og timar per spesialelev (dei 12 elevane med størst lærevanskar). Det er ingen direkte kopling mellom vedtaksstimar og tildelte timar til skulen. Dette skal motverka bruk av spesialundervisning.
- Timar til språkstøtte: Timar per vedtak (auka frå 40 til 70 timar pr elev)
- Årsverk til assistentar: Blir fordelt som spesialundervisninga
- Årsverk til leiing: Fast ressurs per skule og ressurs per elev.

SFO

- Modellen bereknar årsverk på grunnlag av talet på barn i SFO og ei tydeleg bemanningsnorm. Driftsmidlar blir berekna med fast sum per elev.
- Det er vedteke ei nasjonal ordning med gratis 12-timar SFO for 1 og 2 klassesteg pr veke. Kostnadane for denne ordninga er tilført kommunen gjennom rammeløyvinga. Elles er satsane for SFO fastsett lokalt.

Skulane arbeider med å utvikle felles kvalitetssystem og likeverdig praksis mellom dei ulike einingane. I det felles kvalitetssystemet ligg mellom anna utvikling av:

- Struktur for kvalitetsdialog med einingane
- Plan for oppfølging av elevane sitt skulemiljø
- Plan for oppfølging av elevane si faglege utvikling
- Fylgje råd frå Helsedirektoratet i høve mat og måltid
- Overgang frå barnehage til skule

Helsestasjonen

Sogndal kommune ligg per i dag om lag på anbefalt minstenorm (minstenorm frå 2010) når det gjeld helsesjukepleiarbemannning. Tenesteeininga har behov for å rekruttere og behalde kvalifisert personell for å kunne imøtekomme framtidige nasjonale krav og føringar for styrking av førebyggjande tenester i helsestasjon – og skulehelsetenesta. Helsestasjon satsar på kompetanseheving for å imøtekomme samfunnsplan og nasjonale føringar knytt til psykisk helse for barn og unge.

PPT

Sogn PPT er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane, Luster, Vik, Aurland og Sogndal. Samarbeidet er organisert som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova kap. 20. Det administrative og faglege ansvaret ligg til leiaren av kontoret.

Sogn Barnevern

Sogn barnevern er eit interkommunalt samarbeid mellom Sogndal kommune og Luster kommune. Faste årsverk for drift av Sogn Barnevern, leiar, fagleiar, sakshandsamarar og førebyggjande avdeling.

Sektoren nyttar noko disposisjonsfond til opplæring av flyktningar og fleirspråklege innanfor, skular og barnehagar og barnevern.

Klima

Kommunen sine vedtekne klimamål er eit styringsverktøy for å oppnå klimagassreduksjon og inneheld konkrete tiltak for å oppnå måla og fordeler ansvaret for gjennomføringa i oppvekstsektoren.

Dei fire innsatsområda i kommunen:

- Transport
- Bygg og anlegg
- Forbruk av varer og tenester
- Landbruk

Hovudmål direkte utslepp kommuneorganisasjonen

- Byte ut alle fossile bilar med el-bilar.
- Byte ut fossile bilar med el-syklar der desse kan erstatte bilkøyning i tenester

Samfunnsplanen har tre overordna mål som skal ramme inn all aktivitet. Målet knytt til miljømedvit kan nyttast til å kontrollere om det me gjer, måten me gjer det på, og retninga me går er med på å bygge målet. Læreplanen for kunnskapsløftet og rammeplan for barnehage gir dei overordna føringane for sektoren sitt arbeid med klima.

Rammeplanen

I innleiing til rammeplanen for barnehage er det utarbeida eit verdigrunnlaget som skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Verdigrunnlaget skal bygge på sju særskilte område:

- Barn og barndom
- Demokrati
- Mangfald og gjensidig respekt
- Likestilling og likeverd
- Berekraftig utvikling
- Livsmestring og helse
- Barnehagar med særskilte føremål

Verdigrunnlaget og formålet for barnehagen skal gje retning for, og prege arbeid med fagområda i rammeplanen. Barna skal utvikle haldningar, kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Fagområda er i stor grad dei same som barn seinare møter som fag i skulen.

Gjennom arbeid med fagområdet; natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og byrjande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen.

Læreplanverket Kunnskapsløftet

Læreplanverket består av overordna del, fag- og timefordelinga og læreplanar i fag. Dette er forskrifter til opplæringslova og skal styra innhaldet i opplæringa. Overordna del av læreplanverket utdjupar verdigrunnlaget i formålsparagrafen i opplæringslova og dei overordna prinsippa for grunnopplæringa. Overordna del av læreplanverket gir verdigrunnlaget, prinsippa for læring og utvikling og prinsipp for skulen sin praksis.

Verdigrunnlaget for grunnopplæringa er skildrar i punkt 1.5 skulen si oppgåve om å bidra til at elevane utviklar naturglede, respekt for naturen og klima- og miljømedvit. Prinsippa for læring og utvikling inneheld tverrfaglege tema som tek utgangspunkt i tre store samfunnsutfordringar: folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap, og berekraftig utvikling. Elevane skal utvikle kompetanse i dei tverrfaglege tema gjennom arbeid med ulike problemstillingar frå ulike fag. Gjennom arbeid med berekraftig utvikling skal elevane arbeide med samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige tilhøve. Den overordna delen skildrar grunnsynet som skal prege den pedagogisk praksis i heile grunnopplæringa.

Utdanning - nøkkelen til eit inkluderande kunnskapssamfunn.

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030 (FN-sambandet, 2020). Kunnskap, kompetanse og handlingar er reiskapar for å kjempe mot og handtere dei utfordringane som både samfunnsplanen og bærekraftmåla peikar på.

Sektoren sitt oppdrag og målsettinga til barnehagane og skulane har ei avgjerande rolle for å imøtekomme utfordringane som ligg i behovet for arbeidskraft, og å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane.



5.4 Helse og omsorg

Tabellen syner totalramme for tenesteområdet fordelt på dei ulike kontogruppene.

Budsjettramme fordelt på kontogruppe Beløp i 1000 kroner	Opph Budsjett 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
Løn og sosiale utgifter	370 494	408 251	412 552	407 552	405 272
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	31 764	33 409	33 409	33 409	33 409
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	68 892	65 533	65 533	65 533	65 533
Overføringsutgifter	5 633	6 108	6 108	6 108	6 108
Salsinntekter	-39 648	-25823	-25823	-25823	-25823
Refusjonar	-81 452	-82 396	-82 396	-82 396	-82 396
Overføringsinntekter	-350	-1 061	-1 061	-1 061	-1 061
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-10 875	-14 493	-14 493	-14 493	-14 493
Sum	355 335	404 021	408 323	403 323	401 043

5.4.1 Kort om sektoren

Kommunen skal yte gode helse- og omsorgstenester til innbyggjarane. Gode fagfolk i utviklande arbeidsfellesskap er avgjerande for å få dette til. Respekt, verdigheit og god kommunikasjon mellom medarbeidarar, innbyggjarar, administrasjon og pårørande er ein føresetnad for gode løysingar. God helse og omsorg er vårt felles ansvar.

Sektoren består av sju einingar, institusjon, heimetenester, bu og miljøtenesta, legeteneste, med

jordmorteneste, fysioterapi/ergoterapi/frisklivssentralen, tildelingskontor og psykisk helse og rus. Sektoren har òg fellestenester som ligg i direkte linje under kommunalsjef. Fellesområde helse og omsorg består av kommuneoverlege, miljøretta helsevern og rådgjevarar. Til fellestenestene ligg også skjenkesaker, som er kommunen sitt organ for behandling av saker etter alkohol- og serveringslova. Dette inneberer mellom anna søknader om skjenkeløyve og kontroll av løyvehavarar.

Teneste samla tal	Tal brukarar	Snittalder
Langtidsopphald i institusjon	64	85 år
Helsetenester i heimen,	277	77 år
Praktisk bistand	204	79 år
Bu og miljøteneste	89	42 år
Rus og psykiatri	47	52 år
Velferdsteknologi	217	82 år

5.4.2 Sektoren sin oppfølging av samfunnsplanen

Kopling mellom satsingsområde for sektorplan helse- og omsorg og samfunnsplanen:

1. Førbygging og tidleg innsats - skapt til aktiv livsstil. Me skal legge til rette for at alle innbyggjarar kan ha ein aktiv livsstil. Førbygging og tidleg innsats omfattar heile livet frå graviditet til alderdom.
2. Dialog med innbyggjarane – fruktbare tettstader. God kommunikasjon og dialog er avgjerande både for kommunen og innbyggjarane for felles forståing og medverknad for innbyggjarane. Me skal ha fruktbare tettstader for å auke trivsel.
3. Aldersvennlege lokalsamfunn – fruktbare tettstader. Kva me som samfunn kan gjere for at kvar enkelt skal kunne bruke sine ressursar – eit samfunn for alle uavhengig av alder og funksjonsnedsetting.
4. Frivilligheit og brukarmedverknad – fruktbare tettstader. Frivilligheit bidreg med møteplassar for folk i alle aldersgrupper. Brukarmedverknad er eit verkemiddel for å forbetre og kvalitetssikre tenestene, for å mobilisere brukaren sine eigne ressursar og ressursar i brukaren sitt nettverk.
5. Velferdsteknologi og innovasjon - kompetansemiljø i eliteserien. Velferdsteknologi er eit av fleire hjelpemiddel for å møte utfordringane i framtida. Det kan medverke til rett hjelp til rett tid, og til at innbyggjarane kan bu lenger heime på ein trygg måte.
6. Rett nivå på tenestene - Skapt for aktiv livsstil. Prinsippet om beste effektive omsorgsnivå.
7. Kompetanse og rekruttering - kompetansemiljø i eliteserien. Attraktiv arbeidsplass for å behalde, utvikle og rekruttere helsepersonell

5.4.3 Andre sektorsatsingar

Det overordna målet er førbyggjande arbeid og tidleg innsats som styrkar innbyggjaren sine mogelegheiter til å verte buande lengre i eigen eigna heim. Sentralt er eigenmeistring. «Kva er viktig for deg?» er inngangsspørsmålet i all samhandling med tenestemottakarar. Prinsippet om beste effektive omsorgsnivå (BEON- prinsippet) vert lagt til grunn i all sakshandsaming og tildeling av tenester til innbyggjarane i Sogndal kommune. Tverrsektorielt og tverrfagleg samarbeid og samhandling mellom kommunar, lokalbefolkninga og frivilligheit blir viktige verktøy for å skape gode liv for innbyggjarane.

Følgande satsingspunkt i sektoren for 2024.

1. Rett nivå på tenestene
2. Rekruttering og kompetanse
3. Førebygging og tidleg innsats
4. Klimaførebyggjande tiltak

Dette viser igjen i einingane på ein slik måte:

Institusjon:

TØRN prosjekt på Sogndal helse og omsorgssenter frå hausten 2023. Prosjektleiar er frikjøpt 20 % frå KS og 30 % frå stabsfunksjon. Prosjektet har en gjennomføringstid på 1,5 år og skal være ferdig desember 2024. Målet for prosjektet er å flytte 2. etasje på SHOS opp i 3. etasje for å samle begge avdelingar på ei flate. Dette er eit viktig satsingsområde for å sikre god drift av sjukeheimsavdelingane, samt god bruk av sjukepleie og helsefagressursane våre. I dette ligg òg å auke samarbeidet på tvers av avdelingane. Prosjektet har merksemd på oppgåvefordeling, turnus og arbeidstid, for å få ned vikar og overtidskostnader. Målet er å få på plass heilårsturnus for m.a. å få ned vakansevakter på helg.

Oppstart av nærvær og inkluderingsarbeid i samarbeid med NAV arbeidslivssenteret haust 2023, for å styrke arbeidsmiljø og få redusert sjukefråvær.

Strategisk kompetansestyring og utarbeiding av kompetanseplanar.

Gode pasientforløp der me arbeider med brosjyre for kortidsavdelingane, sjekklister for innkomst/heimreise kortids/rehabilitering, og sjekklister når pasientar skal over til andre tenester. Målet er at pasientane våre skal oppleve god og heilskapleg tilbod, og der dei blir spurt kva som er viktig for dei.

Arbeide for mindre matsvinn og kjøp av klimavennlege varer.

Heimetenester:

Implementeringprosjekt av livets siste dagar. - Palliativ omsorg. Kompetanseheving av dei tilsette i heimetenesta og sjukeheimar. Både helsefag og sjukepleiarar. Søkt og tildelt midlar frå Statsforvaltar.

Fagutviklingsjukepleiar. Systematisk arbeid på fagutvikling og krav til forsvarleg drift. Samskaping og rett merksemd på kva som er viktig å jobbe med, samt fagutvikling og internundervisning som er nedfelt i eit årshjul.

Gode pasientforløp der me arbeider med brosjyre for kortidsavdelingane, sjekklister for innkomst/heimreise kortids/rehabilitering, og sjekklister når pasientar skal over til andre tenester. Målet er at pasientane våre skal oppleve eit godt og heilskapleg tilbod, og der dei blir spurt kva som er viktig for dei.

Oppstart av nærvær og inkluderingsarbeid i samarbeid med NAV arbeidslivssenter, for å styrke arbeidsmiljø og få redusert sjukefråvær.

Strategisk kompetansestyring og utarbeiding av kompetanseplanar.

Auka bruken av miljøvennlege e-bilar som tenestebilar.

Tildelingskontoret

Arbeider med å etablere eit ressursteam/ innsatsteam innanfor ramma av sektoren. Her går tilsette frå heimetenesta, tildelingskontor og fysio-/ ergoterapiteneste saman for å gje pasientar/ brukarar tett oppfølging etter heimreise frå sjukehus/ korttidsavdeling, med mål om at dei skal meistre kvardagen sjølvstendig fortast mogleg.

Rett nivå på tenestene, i rett omfang og til rett tid: Tildelingskontoret ser at det har vore ulik praksis for tildeling i Balestrand, Leikanger og Sogndal, og jobbar framleis med å revurdere gamle vedtak.

Kartlegging av søkjarar er eit viktig tiltak for å sikre god sakshandsaming, likebehandling og tenester som er tilpassa den enkelte sine behov. Tenester skal tildelast i tråd med omsorgstrappa og kriteriehandboka til Sogndal kommune.

Ved å sjå på organisering får me frigjort ressursar slik at Hukommelsesteamet (HUK teamet) i 2024 utgjer ein 77 %stilling, samstundes er teamet no underlagt tildelingskontoret.

Fysioterapi/ergoterapi/Frisklivsentralen:

Gode pasientforløp der me arbeider med brosjyre for korttidsavdelingane, sjekklister for inntakst/heimreise korttids/rehabilitering, og sjekklister når pasientar skal over til andre tenester. Målet er at pasientane våre skal oppleve eit godt og heilskapleg tilbod, og der dei blir spurt kva som er viktig for dei.

Me arbeider med tilbod i omsorgstrappa og forventningsavklaring ut mot andre faggrupper og innbyggjarane.

Førebygging og tidleg innsats er eit viktig satsingsområde i helse. Fysioterapi og ergoterapi satsa på tiltak «Sterk og stødig» som har fokus på fallførebyggjande trening og å vere sosial møteplass for Frivillige er instruktørar og får oppfølging av fysioterapeut. Tilbodet er etablert frå Balestrand/ Esefjorden til Skjolden med mange deltakarar og fulle grupper. Der er ei utfordring å ha gode lokale. Plan å vidareutvikle i 2024 med prosjektmidlar og drift.

Psykisk helse og rus:

I 2024 vil ein fortsette å vidareutvikle «rask psykisk helsehjelp» samt etablere aktivitetshus. Dette er lågterskeltenester med fokus på førebygging og tidleg innsats. Eit aktivitetshus vil vere ein møteplass der ein får eit sosialt fellesskap og ein meningsfull kvardag.

Brukarmedverknad er ein lovfesta rettighet.

I 2024 har me mål om å innføre tilbakemeldingsverktøy i tenesta. Tilbakemeldingsverktøy er ein samlebetegnelse på ulike kartleggingssskjema som blir brukt for at brukar kan informere terapeut om tilstand og utvikling. Tilbakemeldingsverktøy nyttar ein for forbetre teneste/tilbod i tråd med erfaringar og ynskjer frå brukarane. Noko som etter ein gong kan føre til at fleire får rett hjelp til rett tid.

Psykisk helse er eit av regjeringa sitt viktigaste satsingsområde jf. opptrappingsplanen [Meld. St. 23 \(2022–2023\) - regjeringen.no](#). Det overordna målet med opptrappingsplanen er at fleire skal oppleve god psykisk helse og livskvalitet, og at dei som har behov for psykisk helsehjelp skal få god og lett tilgjengeleg hjelp. Dette målet har og Sogndal kommune. Satsingsområda for psykisk helse og rustenesta for 2024 er i tråd med tilrådingar i opptrappingsplanen.

Auke bruken av miljøvennlege e-bilar som tenestebilar.
Arbeide for mindre matsvinn og kjøp av klimavennlege varer.

Legetenestene og jordmortenestene:

Tilstrækkeleg personell med rett kompetanse. Legge til rette for spesialisering og etterutdanning for legar. Auke kompetansen hjå hjelpepersonellet der det trengst.

Legar og hjelpepersonell treng auka merksemd på å oppretthalde og tileigne seg ny kompetanse i akuttmedisin. Me vil starte opp med regelmessige øvingar. Målet er at alle skal få minst ein halv dag med trening kvart år.

Syte for at me yter gode og forsvarlege tenester utan unødig ressursbruk. Sikre god oppgaveoverføring og oppgaveguidning der det er føremålstenleg, forsvarleg og ressurseffektivt. Betre samarbeid internt i kommunen og med spesialisthelsetenesta. Kommunane får stadig fleire og meir kompliserte oppgaver overførte frå spesialisthelsetenesta.

Særskilt merksemd på kvinnehelse under og etter svangerskapet. Styrkje gravide i foreldrerolla.

Auke bruken av lågutslepp og klimavennlege bilar til legevakt

Bu og miljøtenesta:

Eit godt avlastningstilbod – avlastningshus på plass i 2024 der me kan tilby avlastning for barn og unge som treng det.

Tenestetilbod og buform for eldre demente utviklingshemma. Tanken er då å starte i det små og utvikle området til også å gjelde bygging av omsorgsbustader på lengre sikt.

Eit godt koordinert arbeid- og dagaktivitetstilbod i Sogndal kommune der me samla alle tilbod om jobb/arbeid og dagaktivitetstilbod.

Strategisk kompetansestyring og utarbeiding av kompetanseplanar.

Arbeide for mindre matsvinn og kjøp av klimavennlege varer

Auke bruken av lågutsleppsbilar som tenestebilar.

5.4.4 Innsparingskrav

Tørn-prosjektet er eit nasjonalt prosjekt som gjer forsøk med nye organisering og arbeidsformer, bemanning og arbeidstida i helse og omsorgstenesta i kommunane. Berekraftige tenester krev at kommunane sin viktigaste og knappaste ressurs, nemleg kompetanse, vert nytta rett og til det beste for brukarane. Sogndal kommune har søkt og fått tildelt plass i Tørnprosjektet frå september 2023 til desember 2024. Målet er at tiltaka ein set i verk kan bidra til betre rekruttering, lågare sjukefråvær og mindre bruk av overtid i organisasjonen. Det er vanskeleg å estimere innsparinga før resultatet av dette arbeidet vil vere fullført.

Det ligg eit innsparingskrav på institusjon i Sogndal i 2025 på 5 mill. kr jf. tabell nedanfor.

5.4.5 Driftsbudsjett

Tabellen nedanfor viser totalramma for tenesteområdet med fordeling per ansvar.

Budsjettramme fordelt på ansvar Beløp i 1000 kroner		Opph Budsjett 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
400	Fellesansvar helse og omsorg	9 283	10 737	10 737	10 737	8 457
401	Innsparingstiltak helse og omsorg	1 077	0	0	0	0

402	Skjenkekontroll	-221	-221	-221	-221	-221
410	Tildelingskontoret	26 620	40 902	40 902	40 902	40 902
415	Interkommunalt miljøretta helsevern	0	0	0	0	0
420	Balestrand helsetun	36 931	44 035	44 035	44 035	44 035
430	Leikanger sjukeheim	38 509	43 359	43 359	43 359	43 359
440	Institusjon Sogndal	39 607	48 770	53 071	48 071	48 071
444	Bustadar med heildøgns pleie og omsorg (Prestahagen)	23 987	27 183	27 183	27 183	27 183
446	Dagsenter SHOS	1 710	1 779	1 779	1 779	1 779
448	Produksjonskjøken SHOS	-363	-238	-238	-238	-238
450	Heimetenester - Sogndal	36 181	39 162	39 162	39 162	39 162
454	Bu og miljø - Leiing + Sone Sogndal	16 266	18 849	18 849	18 849	18 849
455	Sogndal ressurscenter	2 769	2 947	2 947	2 947	2 947
460	Bu og miljø - Sone Stedje	14 662	16 748	16 748	16 748	16 748
462	Bu og miljø - Sone Leikanger	16 252	11 404	11 404	11 404	11 404
464	Bu og miljø - Sone Balestrand	26 641	28 904	28 904	28 904	28 904
470	Legeteneste - Sogndal	14 568	15 248	15 248	15 248	15 248
471	Legeteneste - Leikanger	3 447	4 144	4 144	4 144	4 144
472	Legeteneste - Balestrand	5 013	5 003	5 003	5 003	5 003
473	Psykisk helse og rus - Sone Sogndal	6 197	6 849	6 849	6 849	6 849
474	Psykisk helse og rus - Plassen 4	6 360	8 537	8 537	8 537	8 537
475	Psykisk helse og rus - Seljetunet	1 413	1 699	1 699	1 699	1 699
476	Psykisk helse og rus - Helseteam	7 715	8 669	8 669	8 669	8 669
477	Jordmorteneste	5 174	3 395	3 395	3 395	3 395
479	Legevakt L og S	5 028	5 103	5 103	5 103	5 103
480	Ergo- og fysioterapi	10 511	11 052	11 052	11 052	11 052
489	Frisklivssentralen	0	0	0	0	0
	SUM Helse og omsorg	355 335	404 021	408 323	403 323	401 043

Kommentarar til budsjetttrammer:

Sektoren opplever store utfordringar med å rekruttere alle typar helsepersonell. Tidlegare har dette vore mest tydeleg innanfor sjukeheim, men dette gjeld no for dei andre døgndriftstenestene som til dømes bu og miljø og truleg også i legetenestene i 2024. Me har fleire ledige helsefag og sjukepleiarstillingar, som ved fleire høve er lyst ut utan søkjarar.

Dette fører til slitasje, vakanse og hol i turnusane som igjen fører til stort vikarbruk og bruk av mykje overtid. I tillegg til dette må me i mange høve nytte vikarar frå rekrutteringsbyrå, for å drifte forsvarleg. Utfordringa er spesielt stor i Balestrand, men merkast no også i resten av kommunen. Sjukefråværet er høgt innanfor for dei store døgndriftseiningane og dette forsterkar utfordringa rundt vakanse og overtid. Det er oppretta kontakt med NAV arbeidssenter for å legge til rette for eit arbeid med å styrke arbeidsmiljøet og få redusert sjukefråvær.

Innanfor bu og miljøtenesta er det ein jamn auke av nye og ressurskrevjande tiltak. Mellom anna er det fleire unge som pga. alder flytter i eigen heim og dermed får eit auka tenestetilbod. Fleire tiltak krev i større grad ein bemanning i storleiken 1:1 eller 2:1.

Pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus, og kjem til kommunen raskare. Pasientane har fleire komplekse og samansette lidingar enn tidlegare, og det stiller store krav til kompetanse, rett og effektiv organisering, og at me nytta kompetansen til faggruppene våre rett.

I omstillingsarbeidet som helse og omsorg er i gang med ser me at det å ha gode og tilrettelagte sentrumbustader for alle typar brukargrupper vil vere heilt sentralt for at tenesta skal kunne drifte lågare i omsorgstrappa, og dermed få ein meir kostnadseffektiv drift.



5.5 Kommunalområde samfunn

Frå byrjinga av oktober vart det etter prosess og informasjon/drøfting med dei tillitsvalde gjort ei organisatorisk endring som gjer at sektor samfunn, kultur og innovasjon saman med plan og teknisk no fungerer som eit felles kommunalområde; samfunn. Kommunalområde samfunn skal legge til rette for å styrke stadkvalitetar og det samspelet som i sum gjer kommunen vår attraktiv, livskraftig og trygg å flytte til, bu i, besøke, drive næring og arbeide i.

5.5.1 Kort om kommunalområde samfunn

Kommunalområde samfunn skal legge til rette for å skape positiv utvikling i kommunen. Me skal vere framoverlente, og me skal jobbe saman med næringsliv, dei frivillige organisasjonane og innbyggjarane i kommunen. Saman har me eit særskilt ansvar for å bidra til at måla og satsingane i samfunnsplanen vert realiserte, og å sjå både samanheng og heilskap i måten me drifter

kommunen på for å oppnå måla. Det skal skje gjennom aktiv samskaping med andre, både internt saman med andre sektorar og med eksterne. Kommunalområdet skal òg forvalte lovverk og vere myndigheitsutøvar, yte drift og tenesteproduksjon både til andre sektorar internt i kommunen og direkte til innbyggjarane, og på denne måten vere ein aktiv aktør for å få til ynskt samfunnsutvikling i Sogndal kommune.

5.5.2 Sektoren sin oppfølging av samfunnsplanen

Samfunnsplanen skal vere rammeverket for alt me gjer, og skal vere integrert i alt me gjer, måten me tenkjer på, tek avgjersler på, og i prioriteringane me gjer gjennom konkrete handlingsplanar. Gjennom ei aktiv pådrivarrolle, og særleg gjennom tydeleg merksemd på medverknad i plan- og strategiprosessar, vil ein utfordre andre på å ta del i utviklingsarbeidet.

Det er heilt essensielt å skape en felles forståing og forplikting til samfunnsplanen sine mål og visjonar blant alle våre tilsette, slik at samfunnsplanen sine mål er godt forankra og tenestene og tiltaka som blir utvikla bidreg til å forbetra livskvaliteten til innbyggjarane. Å vere opne i avgjerdsprosessar, tenesteleveranse og dialog med innbyggjarane er viktig, bidreg til tillit og er ein av verdiane til kommunen som me heile tida lyt strekke oss etter å etterleva. Me skal òg vere nysgjerrige, og proaktive i å søkja dei beste løysingane, metodane og innsikt for å løysa samfunnsutfordringane me er sett til å løysa. Me skal særskild bidra til at me er eit utviklingslokomotiv i Sogn, ved å fremje regional samarbeid, samarbeide med andre kommunar og regionale aktørar for å bidra til utvikling i heile Sogn. Fleire av områda som er peika på som aktuelle område for interkommunalt samarbeid i Sogn kommunale oppgåvefelleskap, er ein del av kommunalområdet samfunn, m.a. plan og kulturskule.

Me skal arbeide for å fremme innovasjon og entreprenørskap som kan føra til ny næringsutvikling og auka vekst i regionen, og me skal jobbe for å integrera berekraft i alle aspekt av samfunnsutviklinga, i tråd med samfunnsmåla.

5.5.3 Sektoren sine overordna mål og sektorsatsingar

I tillegg til dei overordna forankra satsingsområda, vil det vere nokre prioriterte sektorspesifikke satsingar for å realisere samfunnsplanen der ein i 2024 skal prioritere:

Tett samarbeid med innbyggjarane: Innspel og attendemeldingar frå innbyggjarane vil vere viktig for å få innsikt for å utvikle tenestene, og sikre at me er i tråd med behova og forventningane.

Kulturelt mangfald og deltaking: Sogndal kommune er kjend for den rike kulturarven sin, og me vil jobbe for å bevare, fremje og utvikle det kulturelle mangfaldet gjennom vårt virke.

Fremje frivillig arbeid: Frivillige organisasjonar og enkeltpersonar spelar ei vesentleg rolle i å tilby tenester og støtte til sårbare grupper i samfunnet, som eldre, barn, funksjonshemma og dei som slit økonomisk. Frivillige kan utføra oppgåver som elles ville vera utfordrande for det offentlege å handtera åleine. Ikkje minst er frivillig engasjement eit viktig del av eit velfungerande demokrati, og frivillige lag og organisasjonar bidreg til at me er ei inkluderande kommune, med diversitet og mangfald.

Digitalisering og digital samfunnsutvikling: Kommunal sektor står ovanfor store endringar i åra som kjem. Ved å involvera innbyggjarane i utviklinga av digitale tenester skapar me løysingar som svarar til reelle behov i kvardagen. Slik får me meir effektive tenester og ein tilgjengeleg kommune for innbyggjarane.

Berekraft og miljø: Som oppfølging av BAKT-strategien med å styrkje den felles bu- og arbeidsregionen i Sogndal og Luster med klimaomstilling som fellesnemnar, vil handlingsplanen vere ei viktig konkretisering av berekraftsarbeidet til kommunen framover.

5.5.4 Satsingar på tenesteområda

Alle tenesteeiningane har eigne handlingsplanar/ mål/ utviklingsavtalar for året, i tråd med samfunnsplanen, og felles mål og satsingar.

Bygg og eigedom skal jobbe fram eigedomsstrategi for kommunen, som vil bli vår rettleiar for forvaltning og utvikling av bygga våre. Den vil òg vere viktig for t.d. arbeidet med bustadstrategi og framtidig busetjing av flyktningar. Ein definert del av rammeløyvinga skal knytast til energisparing/ reduksjon av driftskostnadar.

Plan og forvaltning skal utvikle fagmiljøet, og få forvaltningsorganet til å etterleve samfunnsplanen på ein god og føreseieleg måte. Ein skal utarbeide områdeplanar for Rutlin/Ulvahaugen og Nestangen, og ikkje minst ferdigstille kommunen sin arealplan. Regionalt samarbeid og utviklingsprosjekt vil òg vere ein del av satsingane for 2024.

IT og digitalisering skal vidareutviklast som ei støtteining og kompetansesenter for digitaliseringsarbeid i kommunen, og skal jobbe mot å fungere som ein endringsagent i organisasjonen for å identifisere og leggje til rette for gode digitaliseringsprosjekt. Indre Vestland IT-samarbeid skal vere eit pilotprosjekt gjennom året, som skal bidra til kompetansebygging, sterkare redundans og auka driftssikkerheit.

NAV skal ha særskild merksemd på å få fleire flyktningar og personar med nedsett arbeidsevne ut i arbeid. Bruk av digitale verktøy og systematisk kollegaretteing er ein del av det prioriterte kvalitetsarbeidet for neste år. Regionale utviklingsprosjekt vil vere viktig for å sørge for gode og likeverdige tenester i heile regionen. Ungdomsgarantien og møteplassar for ungdom er eit anna satsingsområde for tenesteområdet.

Kulturfeltet skal bidra til å løfte heilskapen i samfunnet vårt ved å skape eit levande kulturmiljø og bruke kunst som ein identitetsmarkør. Det er eit mål at kultur i kommunen vår skal vere lett å driva med, lett å sette opp og lett å oppleve. Ein jobbar målretta mot å bygge opp eit produksjons- og arrangementsmiljø, og ein har ei målsetjing om å bidra til enkle overgangar òg mellom fritid, heim og skule/barnehage. Me vil etablere ei solid ungdomseining, for å sørge for trygge tilbod for unge, og der opne møteplassar spelar ei viktig rolle i førebyggjande arbeidet. Meirope bibliotek er òg eit konkret tilbod ein ynskjer å få etablert både i Balestrand, Leikanger og i Sogndal ila 2024.

Veg og park skal levere kommunal transportplan i oppstarten av 2024, som vil vere eit viktig verktøy for vidare prioritering. Parkeringsstrategi skal startast opp, og interkontrollarbeid og digitalisering av eininga med m.a. nytt FDV-program (forvaltning, drift og vedlikehald) lyt prioriterast.

Vatn og avløp (VA) skal ferdigstille dei politiske bestillingane på hovudplan for drikkevattn og hovudplan for avløp. Norm for overvatn vil vere eit viktig arbeid på tvers av tenesteeiningar, jf. nytt lovverk som trer i kraft frå 1/1-2024. Tenesteeining for VA skal levere langsiktige og økonomisk rasjonelle tenester på vatn og avløp.

Sogn Næring skal bidra til at næringslivet vårt utviklast i ei berekraftig retning, og arbeider for eit grønt skifte i lokalt næringsliv. Samarbeid om å etablere ny kraftkrevjande industri, i lag med Sogn Utvikling og nabokommunen vil vere eit satsingsområde. Sogn Næring skal bidra til å skape relevante og aktuelle møteplassar, og skal bidra til regional utvikling for verdiskaping og attraktivitet. Profil og merkevaresatsinga vil vere eit særskild viktig satsingsområde.

Samfunnsutvikling vil vere eit tenesteområde som krev løysningar på tvers av både tenesteeiningar og sektorar, når dei skal utvikle tettstadane og bygdene våre på ein heilskapleg måte som gjer det enklare for innbyggjarane våre å ta miljøvennlege val. Me skal ha særskild

merksemd på barrierane for deltaking i samfunnsniv og aktivitetar ved enkel overgangar og bidra til å senke terskelen for deltaking. Universell utforming og godt tilgjengelege rekreasjonsområde vil vere særskild viktig å utvikle for å skape inkluderande lokalsamfunn for alle.

Sektoren har framleis to ulike budsjetttrammer, jf. tidlegare organisering plan og teknisk og samfunn, kultur og innovasjon.

5.5.5 Budsjett plan og teknisk

Under plan og teknisk ligg tenesteområda plan og forvaltning, bygg og eigedom – også med ansvar for alle investeringsprosjekt, veg og park og vatn og avløp.

Tabellen syner totalramme for tenesteområdet plan og teknisk fordelt på dei ulike kontogruppene.

Budsjettramme fordelt på kontogruppe Beløp i 1000 kroner	Opph Budsjett 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
Løn og sosiale utgifter	75 022	81 284	80 291	80 282	80 282
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	97 050	94 532	93 173	92 819	92 651
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	24 035	22 758	22 758	22 758	22 758
Overføringsutgifter	21 623	23 297	23 297	23 297	23 297
Finansutgifter og finansieringstransaksjonar	866	1 244	1 244	1 244	1 244
Salsinntekter	-82 443	-104 086	-107 877	-112 476	-119 228
Refusjonar	-11 322	-12 322	-12 322	-12 322	-12 322
Overføringsinntekter	-204	-204	-204	-204	-204
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-11 644	-8 280	-7 508	-5 302	-1 358
Sum	112 983	98 224	92 851	90 095	87 119

Lønskostnadene utgjer i vel 80 mill. kr. i 2024. Dette utgjer ca. 40 % av samla brutto driftskostnad for sektoren. Det er samla 116 stillingar og 108 årsverk i sektoren. Sektoren kjøper mykje tenester eksternt på alle tenesteområda. Mellom anna Sogn brann og redning IKS utgjer om lag 19 mill. kr per år, tilskot Sogndal kyrkjeleg fellesråd omlag 9 mill. kr, og driftsavtalar veg på omlag 9 mill. kr.

Sektoren forvaltar tilskot til private vegar med kostnad på om lag 30 000 kr per år. Sektoren har noko utgifter til husleige. Plan og teknisk har vesentlege inntekter. Desse er mellom anna parkeringsavgifter og parkeringsgebyr, kaiinntekter, kommunale årsgebyr, ulike sakshandsamingsgebyr, husleige, sal av tenester til kyrkjeleg fellesråd og sal av tenester til andre kommunar.

5.5.6 Driftsbudsjett

Tabellen nedanfor viser totalramma for tenesteområdet med fordeling per ansvar.

Budsjettramme fordelt på ansvar Beløp i 1000 kroner	Opph Budsjett 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
510 Plan	4 337	6 119	6 119	5 119	5 119
511 Byggesak	463	728	498	498	498
512 Oppmåling	752	867	867	867	867
515 Miljø og ureining	228	634	634	634	634
530 Jordbruk	2 084	2 141	2 141	2 141	2 141

532	Skogbruk	22	982	982	982	982
534	Vilforvaltning (viltfond)	-4	0	0	0	0
540	Naturforvaltning og friluftsliv	145	145	145	145	145
552	Hjelpemiddel	319	233	233	233	233
560	Park, anlegg og gravplassar	1 296	1 777	1 777	1 777	1 777
565	Samferdslebedrifter og transporttiltak	-341	-460	-460	-460	-460
570	Kommunale vegar og gatelys	16 647	21 268	21 268	21 268	21 268
572	Parkering	-49	0	0	0	0
580	Vassforsyning (sjølvkost)	-14 209	-13 673	-14 865	-15 665	-16 740
582	Avløp og rensing (sjølvkost)	-9 431	-3 593	-4 613	-5 380	-6 273
584	Renovasjon (sjølvkost)	-60	561	533	514	507
586	Slam (sjølvkost)	-37	6	4	3	1
590	Brann og ulykkesvern (inkl. sivilforsvaret)	18 729	18 638	18 638	18 638	18 638
595	Kyrkjeleg fellesråd og andre trussamfunn	8 846	9 833	9 833	9 833	9 833
599	Fellesansvar plan og teknisk	22 086	1 226	1 226	1 226	1 226
600	Omsorgsbustader	5 287	-10 248	-10 248	-10 248	-10 248
601	Kommunale utleigebustader	-3 198	-4 232	-4 232	-4 232	-4 232
602	Fellesansvar bygg og eigedom	2 127	3 910	3 520	3 530	3 530
603	Prosjekt og investering	875	719	719	719	719
604	Bustadkontoret	2 379	4 040	4 040	4 040	4 040
605	Skular	12 386	11 696	11 696	11 696	10 696
606	Oppvekstsenter	1 592	1 951	1 951	1 951	1 951
610	Kommunale barnehagar	4 544	4 763	4 763	4 763	4 763
615	Administrasjonsbygg	2 062	2 765	1 247	1 078	1 078
620	Sogndal helse og omsorgsenter	3 935	5 417	5 417	5 417	5 417
625	Leikanger sjukeheim	2 223	2 382	2 382	2 382	2 382
626	Avlastingsbustadar Stadheimgarden	266	274	274	274	274
628	Balestrand helsetun	1 648	1 656	1 656	1 656	1 656
629	Balestrand helsesenter	1	85	85	85	85
630	Kultur- og idrettsbygg	233	371	371	371	371
635	Sogndal kulturhus	-841	-1 491	-1 491	-1 491	-1 491
637	Belehalli	326	205	205	205	205
638	Saften	792	434	434	434	434
639	Andre næringsbygg	-1 827	-942	-942	-942	-942
640	Aktivitetscenter	269	375	375	375	375
666	Reinhald felles	18 708	19 477	19 477	19 477	19 477
674	Reinhald SHOS	7 326	7 187	6 194	6 184	6 184
	SUM plan og teknisk	112 983	98 224	92 851	90 095	87 119

Kommentarar til budsjetttrammer:

- Flytting av budsjettmidlar frå helse til plan og teknisk for å finansiere stilling som køyretøykoordinator i første tertial er ei varig endring og er vidareført i økonomiplan.

- Drift av tilbygg Belehalli vil medføre auka leigeinntekter og driftsutgifter. Netto endring er null.
- Arbeid med områdeplanar er prioritert og ramma er tilrådd auka med 1 mill. kr kvart år i perioden 2024-2026. Dette er knytt til auka kostnader til konsulenttenester t.d. fagrapportar.
- Innføring av eByggesak føreset at kommunen kjøper ein ekstra modul til sak/arkivsystemet. Kostnad 0,23 mill. kr i 2024. ePlansak vil og komme, men her er kostnaden ikkje kjent, og heller ikkje teke høgde for i sektorramma.
- Byggkartlegging medfører auka utgift i 2024 på 0,4 mill. kr. Kartlegging skal gje eit betre grunnlag for å effektivisere byggdrift.
- Det har vore eit behov for fleire kontorplassar og det er inngått ei leigeavtale på kontorlokale i Fossetunet. Sektorramma er auka med 0,7 mill. kr i 2024.
- Frå 01.01.2024 er kommunen pålagt gjennomføre kontroll med private vassmålarar. Stilling som røyrleggjarkontrollør skal vere gebyrfinansiert og påverkar ikkje sektorramma.
- Ramme for kommunal veg er auka med 3,5 mill. kr frå 2024. Budsjettoppfølging i 2023 syner at tilfredsstillande drift og vedlikehald av kommunal veg krev auka rammer.
- Frå hausten 2023 er det behov for særskilt tilrettelegging av skulebygg. Sektoren si ramme er auka med 1 mill. kr frå 2024 for å dekke meirutgifter.
- På grunn av reduserte leigeinntekter i kulturhuset er ramma auka med 0,5 mill. kr.
- Sektorramma til plan og teknisk er vesentleg redusert frå 2023 til 2024 på grunn av innsparingskrav i vedteke ØP 2023-2026 og at ekstraordinært budsjett til straumutgifter i 2023 ikkje er vidareført i 2024. Innsparingskrav i sektoren er primært knytt til byggdrift og reinhald. Det ligg ein føresetnad om bruk av flyktingfond til å dekke utgiftene til drift og reinhald av Sogn opplæringscenter og flyktingtenesta sine lokale i kulturhuset. Til saman 1,2 mill. kr. I tillegg er auka utgifter ved bustadkontoret knytt til auka busetting av flyktingar føresett finansiert av flyktingfond.
- Tilskot til bustadtilpassing har kommunedirektøren ikkje funne handlingsrom for i økonomiplanen.
- Innanfor vatn og avløp er det føresett 100 % sjølvkost. Innanfor byggesak og oppmåling er det tilnærma sjølvkost. På plan er det lågare sjølvkostgrad, då det berre er handsaming av private reguleringsplanar, fram til førstegongshandsaming, som gjev grunnlag for innkrevjing av gebyr.



5.5.7 Budsjett samfunnsutvikling, kultur og innovasjon

Samfunn, kultur og innovasjon omfattar tenestemråda NAV, IKT, kultur og samfunnsutvikling og friluftsliv.

Tabellen syner totalramme for tenestemrådet samfunn, kultur og innovasjon fordelt på dei ulike kontogruppene.

Budsjettramme fordelt på kontogruppe Beløp i 1000 kroner	Budsjett 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
Løn og sosiale utgifter	65 566	72 562	72 282	71 382	71 382
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	26 264	39 066	39 672	39 042	39 042
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	17 265	12 023	12 023	12 023	12 023
Overføringsutgifter	20 919	24 253	22 590	23 239	23 230
Finansutgifter og finansieringstransaksjonar	130	30	30	30	30
Salsinntekter	-10 380	-11 173	-11 173	-11 173	-11 173
Refusjonar	-18 157	-19 550	-20 350	-20 350	-20 350
Overføringsinntekter	-6435	-5 299	-5 299	-5 299	-5 299
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-24 373	-37 270	-37 270	-37 270	-37 270
Sum	70 800	74 642	72 505	71 624	71 615

5.5.8 Innsparing

Sektorramma er redusert med 0,336 mill. kr. Dette er ei teknisk korrigering mellom samfunn, kultur og innovasjon og administrasjon. Auke i budsjettramme på 1 mill. kr for tenesteområde samfunnsutvikling er tilrådd i første tertial 2023, er tilrådd vidareført i økonomiplan.

Kultureininga fekk 1 mill. ekstra for kultursatsing i 2023, og har difor eit samla nedtrekk på einingsramma på vel 1,3 mill.

5.5.9 Driftsbudsjett

Tabellen nedanfor viser totalramma for tenesteområdet med fordeling per ansvar.

Budsjettramme fordelt på ansvar Beløp i 1000 kroner		Budsjett 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
700	NAV	16 173	16 180	14 900	14 900	14 900
720	Fellesansvar samfunn, næring og kultur	9 884	9 933	9 410	10 059	10 050
730	Flyktingtenesta	870	1 239	1 239	1 239	1 239
740	IKT	15 745	17 474	17 474	16 574	16 574
741	Digitalisering	1 330	2 251	2 251	2 251	2 251
750	Fellesansvar kultur	7 086	4 808	4 808	4 808	4 808
751	Sogndal kulturhus	2 356	2 376	2 376	2 376	2 376
752	Ungdomsavdelinga	1 547	1 576	1 576	1 576	1 576
755	Sogn Kulturskule	6 435	6 033	6 033	6 033	6 033
757	Kulturminne og kunst	0	627	627	627	627
760	Bibliotek	5 468	5 613	5 449	5 449	5 449
770	Sogndal frivilligsentral	806	657	657	657	657
771	Leikanger frivilligsentral	350	460	460	460	460
772	Balestrand frivilligsentral	527	735	735	735	735
790	Samfunnsutvikling	-399	1 138	1 768	1 138	1 138
791	Innbyggjartorg	1 847	2 413	2 413	2 413	2 413
792	Anlegg og friluftsliv	776	1 127	327	327	327
	SUM SKI	70 800	74 642	72 505	71 624	71 615

Kommentarar til budsjettrammene:

- Behovet for busetting av flyktningar har aldri vore større. Det er uvisst kor lenge krigen i Ukraina vil vare og kor mange som vil kome til Noreg, men det er venta at inkomstane vil vere store også i tida framover. Noreg skal samstundes busette flyktningar som kjem til Noreg frå andre konfliktområde i verda. Sogndal kommune har fått anmodning om å busetje 160 flyktningar i 2024, ei ytterlegare auke i tal flyktningar. Det kjem ei eiga sak om svar på anmodninga.
- Nye tiltak med økonomiske konsekvensar NAV har eit eksternt finansiert prosjekt som gjeld ungdomsoppfølging. Prosjektet har 50% ekstern finansiering i 2023. Det er tilrådd ei vidare satsing på ungdomsoppfølging og aukar ramma med 0,35 mill. kr i 2024 og 0,7 mill. kr frå 2025.

- Strengare krav til IKT-sikkerheit og personvern har gitt tenesteområdet IKT og digitalisering nye utgifter. Det er føreset at det er handlingsrom innanfor ramma til å handtere drifta på det nivået den er i dag, men at dette er noko som må sjåast særskilt på i tida framover.
- Det er føreset at auka utgifter til flyktingtenesta, til stilling som rådgjevar NAV og til økonomisk sosialhjelp vert dekkja med bruk av flyktingfond.
- Nye tiltak med økonomiske konsekvensar er vidareføring av NAV sitt prosjekt om ungdomsoppfølging som aukar ramma med 0,35 mill. kr i 2024 og 0,7 mill. kr frå 2025.
- Ein har i budsjettarbeidet valt å styrke digitaliseringsarbeidet med 0,9 mill. kr i 2024 og 2025 knytt til dette, med helse som prioritert område. Eining for IT og Digitalisering handterer vesentlege kostnader knytt til lisensar og driftsavtalar for digitale løysingar og tenester på vegne av heile organisasjonen.
- Kostnadane til lisensar på ulike tenester er stigande år for år. 1 ekstra million til lisensar i 2024 kjem òg delvis av at det er treårige avtalar som ikkje har vore periodisert, som gir ein høgare kostnad per tredje år. Dette heng saman med både prisauke og auka digitalisering i organisasjonen. I tillegg er det, etter kvart som ein tek i bruk fleire digitale verktøy, er det også behov for fleire digitale tryggleikstiltak.
- Auke i budsjetttramme på 1 mill. kr for tenesteområde samfunnsutvikling er tilrådd vidareført i økonomiplan.

5.6 Kraft

Tabellen syner totalramme for tenesteområdet fordelt på dei ulike kontogruppene.

Budsjettramme fordelt på kontogruppe Beløp i 1000 kroner	Opph Budsjett 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	140	140	140	140	140
Overføringsutgifter	9 670	16 250	16 250	16 250	16 250
Salsinntekter	-43 810	-40 390	-32 390	-33 890	-33 890
Sum	-34 000	-24 000	-16 000	-17 500	-17 500

Sogndal kommune har 35 GWh heimfallskraft og 30 GWh konsesjonskraft. Konsesjonskrafta gir skattefrie inntekter, medan ein må betale både overskottskatt og grunnrenteskatt på heimfallskrafta. Inntekta varierer med kraftprisane og desse svingar mykje mellom år. Det er også stor skilnad i kraftpris mellom områda i Norge. På grunn av ei justering av at områdegrensar er justert er konsesjonskrafta frå Mel kraftverk frå 2023 i prisområde NO5. Denne krafta er på 15,9 GWh.

For 2024 er 15,9 GWh konsesjonskraft frå Mel kraftverk i NO5 seld til fastpris om lag 1,16 kroner/kWh og 7,9 GWh konsesjonskraft Statkraft i NO3 (Midt-Norge) er seld til om lag 51 øre/kWh.

Konsesjonskrafta frå Årøy kraftverk på 5,9 GWh er omfatta av ein tilbakekjøpsavtale med Sognekraft AS. Inntektene frå sistnemnte er ikkje direkte knytt til spotpris, og samvarierer med den.

Heimfallskrafta på 35 GWh er planlagt seld til spotpriskontrakt, pluss påslag grunna skattemessige forhold. Denne krafta ligg i prisområde NO3 (Midt-Norge).

For konsesjons- og heimfallskrafta betalar kommunen ein fast pris fastsett av OED. Denne var 11,77 øre/kWh i 2023. I tillegg må ein betale nettleige for innmating av krafta på om lag 2 øre/kWh.

For 2024 er det forventa lågare inntekter frå sal av konsesjonskraft og heimfallskraft. Prognosen byggjer både på forventningar om høge prisar gjennom vinter og som følgje av den prissikringa som kommunen har gjort på deler av konsesjonskrafta. Det er lagt til grunn at prisane vil «normalisere» seg frå 2024 og vidare i økonomiplanperioden. Det er framleis stor uvisse knytt til pris- og dermed inntektsutviklinga i økonomiplanperioden.

5.7 Fellesområde lønnsavsetting og pensjon

Tabellen syner totalramme for tenesteområdet fordelt på dei ulike kontogruppene.

Budsjettramme fordelt på kontogruppe Beløp i 1000 kroner	Opph Budsjett 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027
Avsetting lønnsoppgjjer	34 000	34 000	34 000	34 000	34 000
Innsparing «SK 2027»				-30 000	-32 000
Avskrivningar	70 390	75 538	75 538	75 538	75 538
Motpost avskrivningar	-70 390	-75 538	-75 538	-75 538	-75 538
Sum	34 000	34 000	34 000	4 000	2 000

Fellesområdet pensjon og lønnsavsettingar blir nytta til å setta av til lønnsoppgjeret, føring av premieavvik og avskrivningar. Pensjonsutgifter vert budsjettert på sektorane med 13,76 prosent avsetning til KLP og 8,13 prosent avsetning til Statens pensjonskasse (SPK). Arbeidstakar sin del på 2 prosent kjem i tillegg.

Når renta stig aukar òg forventa avkastning på pensjonsreserven til kommunen. Dette er venta å gje noko lågare reguleringspremie framover. Det er ikkje budsjettert med lågare reguleringspremie.

I statsbudsjettet er det lagt til grunn at lønnsveksten i 2024 vil bli 4,9 % av brutto lønn. Til å dekkja auka lønnskostnader er det i budsjettet sett av 34 mill. kroner inklusiv sosiale utgifter.

Avskrivningar blir budsjettert samla på dette ansvaret, men fordelt på rett teneste. For 2023 er det budsjettert med 75,5 mill. kroner i avskrivningar og tilsvarande på ein motpost for avskrivningar.

I 2024 og 2025 er det sett av 34 mill. kr kvart år, som skal dekke lønnsoppgjer, og som vert fordelt på sektor i løpet av budsjettåret. I 2026 og 2027 er avsettinga redusert som følgje av innsparingskrava som ligg i omstillingsprosjektet SK2027. Innsparingskrava som er innarbeidd er 30 mill. kr i 2026 og 32 mill. kr i 2027.

6 Investeringsprogram 2024-2027

Kommunestyret skal for kvart år vedta eit investeringsbudsjett. Budsjettet skal vere realistisk og fastsett på grunnlag av forventa inntekter og utgifter i det enkelte budsjettår. Investeringsbudsjettet er eittårig, løyvingane er årsavhengige. Dette betyr at investeringar som går over fleire budsjettår, skal takast med i investeringsbudsjettet berre med den delen av utgiftene til prosjektet som er forventa i det aktuelle budsjettåret.

I investeringsplanen for 2024-2027 er det lagt inn investeringar for 1 102,7 mill. kr i planperioden. Tabellen nedanfor syner investeringar per prosjekt for kvart av dei 4 åra i planperioden. Alle investeringar i varige driftsmidlar, med unntak av VA og parkering vert budsjettert med mva.

Samla låneopptak i økonomiplanperioden er på 780,4 mill. kr.

Tabell 6.1 Løyvingsskjema investering

Løyvingsskjema Investering	Beløp i 1000	Opphavelg budsjett 2023	Revidert Budsjett 23	Økonomi-	Økonomi-	Økonomi-	ØP 2027	Rekneskap 2022
				plan 2024	plan 2025	plan 2026		
1 Investeringar i varige driftsmidlar		132 725	155 242	194 750	430 500	243 000	108 800	83 604
2 Tilskot til andres investeringar		4 700	1 000	11 000	1 000	1 000	1 000	1 065
3 Investeringar i aksjer og andeler i selskaper		2 880	11 880	2 800	2 800	2 800	2 800	3 788
4 Utlån av egne midlar			3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	
5 Avdrag på lån			0	0	0	0	0	
6 Sum investeringsutgifter		140 305	171 122	211 550	437 300	249 800	115 600	88 457
7 Kompensasjon for meirverdiavgift		-16 145	-18 723	-26 410	-77 800	-41 400	-14 300	-8 064
8 Tilskot fra andre		-1 200	-1 200	-14 000	0	0	0	-2 614
9 Sal av varige driftsmidlar			0	0	-18 000	-18 700		-462
10 Sal av finansielle anleggsmidlar			0	0	0	0	0	-487

11	Utdeling frå selskaper	0	0	0	0	0	0	0
12	Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-1 026	-1 026	-1 038	-1 050	-4 062	-7 062	-989
13	Bruk av lån	-120 080	-138 977	-165 340	-335 700	-183 900	-95 500	-73 536
14	Sum investeringsinntekter	-138 451	-159 926	-206 788	-432 550	-248 062	-116 862	-86 153
15	Videreutlån	60 000	60 000	60 000	60 000	60 000	30 000	51 800
16	Bruk av lån til videreutlån	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000	-30 000	-51 800
17	Avdrag på lån til videreutlån	1 737	6 737	2 000	2 000	4 000	6 000	9 163
18	Mottatte avdrag på videreutlån	-2 191	-7 191	-2 000	-2 000	-4 000	-6 000	-5 161
19	Netto utgifter videreutlån	-454	-454	0	0	0	0	4 002
20	Overføring frå drift	-2 880	-12 222	-2 800	-2 800	-2 800	-2 800	-3 780
21	Avsetningar til bundne investeringsfond	454	454	0	0	0	0	-4 002
21	Bruk av bundne investeringsfond		0				0	0
22	Avsetningar til ubundne investeringsfond	1 026	1 026	1 038	1 050	4 062	7 062	776
22	Bruk av ubundne investeringsfond		0	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000	0
23	Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0	0
24	Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-1 400	-10 742	-4 762	-4 750	-1 738	1 262	-7 006
25	Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0	0	0	0	0	0	-700

Tabell 6.2 Oversikt over investeringsprosjekt

Prosjektnr	Prosjekt Beløp i 1000kr	Budsjett 2023 inkl. endring	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027	Rekneskap 2022
20301	Omsorgsbustader Stedjevegen/Kyrkjebakken	0	15 000	21 000	0	0	0
20602	Ny slamskiljar Lunde	0	0	500	0	0	0
20606	Vassleidning VL 110 Lunde	0	0	0	0	1 300	0
21303	Skuleutbygging Sogndal sentrum	6 110	31 000	279 000	170 000	50 000	8
21400	Ny avkøyring Rv5-Ingafossen Sogndal	0	0	0	0	0	0
21500	Avlaup - rammeløyving	1 950	10 000	10 000	150 000	15 000	0
21501	Vatn - rammeløyving	1 250	15 000	15 000	20 000	20 000	0
22102	Rammeløyving IKT	100	3 500	3 500	35 000	3 500	0
22300	Bygg - rammeløyving	17 500	8 000	8 000	80 000	8 000	0
22310	Barnehage Kaupanger	0	5 500	38 000	16 000	0	0
22325	Samfunns- og kulturlokale m.m. Saften	1 131	57 000	40 000	0	0	0
22400	Veg - rammeløyving	4 325	8 000	8 000	8 000	8 000	0
23401	Trafikkløysing Leikanger barneskule	500	2 500	0	0	0	0
23402	Gatelys - utskifting	2 000	1 500	1 500	15 000	1 500	0
23403	Oppgradering av Kvålevegen/gangvegar	0	15 000	5 000	0	0	0
23504	VA Nornes	500	20 700	0	0	0	0
23912	Grunnkjøp/sal - rammeløyving	1 000	1 000	1 000	10 000	1 000	0
NY	Barnehage Leikanger	0	0	0	0	500	0
NY	Musikkbinge Kaupanger	0	50	0	0	0	0
NY	Reinseanlegg Sogndal	0	1 000	0	0	0	0
	Avslutta prosjekt	118 876	0	0	0	0	84 661

SUM varige driftsm. A2-23		155 242	194 750	430 500	243 000	108 800	84 669
1965	Kyrkjestove Kaupanger gravlund	3 700	10 000				10 000
22800	Investeringsbehov kyrkjeleg fellestråd - rammeløyving	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Sum tilskot til andre sine investeringar		4 700	11 000	1 000	1 000	1 000	14 000
21800	Eigekapitaltilskot KLP	2 880	2 800	2 800	2 800	2 800	3 788
	Sogn utvikling 1mnok,eigen sak	1 000					
Sum aksjar og eigendelar		3 880	2 800	2 800	2 800	2 800	3 788
NY	Forskottering av spelemidlar	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	
Sum utlån av egne midlar		3 000					

Prosjektomtalar

Omsorgsbustader Stedjevegen/Kyrkjebakken

Det er planlagt seks bustader for avlastning/barnebustader, inkludert ein personalbase. Prosjektet er gjennomgått med Husbanken og er i ein søknadsfase med dei. Det er føresett 45 % tilskot frå Husbanken. Budsjett vert sett opp med 15 mill. kr i 2024 og 21 mill. i 2025. Opphaveleg vart det lagt til grunn 5 mill. kr. i 2023 og 26 mill. kr. 2024, men prosjektet er noko forseinka. Prosjektet føreset at Husbanken har midlar over statsbudsjettet til denne typen tilskot til kommunane. Det er budsjettert med tilskot på 14 mill. kr frå husbanken. Som følgje av intensjonsavtale om utbygging i Stedjevegen må ein vurdere alternativ lokalisering, evt. bør prosjektet planleggjast ferdig og vere klart til innflytting når utbygging i Stedjevegen kan starte, tentativ tidsplan for reguleringsarbeid er 18 månader. Kyrkjebakken kan vere alternativ for lokalisering, dette vert utgreidd vidare.

Ny slamskiljar og vassleidning Lunde

Det var er sett av 1,8 mill. kr til slamavskiljar for avlaup og utskifting av vassleidning frå Lunde Bustadfelt i 2022 som vart utsett. Prosjektet er i tråd med hovudplan for vassforsyning i Balestrand. Prosjekta har i budsjett ei oppsett ramme på høvesvis 500.000 og 1.300.000 i 2025 og 2027, i påvente av ny hovudplan for vatn og avlaup.

Skuleutbygging Sogndal sentrum

Det er lagt inn ei kostnadsauke på 100 mill. kroner knytt til prosjektet, jf. kommunestyresak 11/23. I punkt 8 i vedtaket frå kommunestyret står følgjande: «*Ferdig forprosjekt og endeleg økonomisk ramme vil bli handsama i eiga politisk sak etter at samspelsfasen er gjennomført våren 2024.*» Kostnadsramma i økonomiplanen er såleis eit førebels estimat. Utlysing av konkurranse er ikkje gjennomført, men vert lyst ut i nær framtid etter kvalitetssikring og oppstart av reguleringsplan. Framdrifta er difor forskyve, tentativ ferdigstilling av forprosjekt og handsaming av endeleg økonomisk ramme vert mest sannsynleg over sommarferien i 2024. Total kostnadsramme i planperioden er 530 mill. kr.

Vatn og avlaup – rammeløyving

Investeringar innanfor vatn og avlaup (VA) er budsjettert utan mva. Dette på grunn av mva-regelverket. Omfang av samla investeringsnivå er vidare lagt inn i sjølvkostgrunnlag og ligg til grunn for fastsetting av gebyrsatsar for VA. VA-prosjekt er i så måte sjølvfinansierande.

Det er sett av ei rammeløyving til ulike prosjekt for avlaup og reinsing og ei rammeløyving til ulike prosjekt for vassforsyning. Når hovudplan for VA ligg føre vil denne planen i større grad styre prioriteringa mellom konkrete prosjekt. Det kjem også nye lovkrav til VA-sektoren som vil påverke

investeringsbehovet innanfor dette området framover. I 2024 og 2025 er det lagt inn 10 mill. kr til avlaup og 15 mill. kr. til vatn. Frå 2026 aukar begge rammeløyvingane med 5 mill. kr.

IKT - rammeløyving

I dette prosjektet er det samla alle investeringar knytt til IKT. Dette fordeler seg slik i 2024:

Digitalisering i skule og barnehage: Naudsynt utskifting for å sikre at tilsette og barn i skular og barnehagar har tilgang på oppdatert og fungerande digitalt utstyr. Ei jamn utskiftingstakt på digitalt utstyr bidreg til å unngå høgare utgifter i einskilde år for einingane. Kostnad: 1 mill. kr.

IT-sikkerheit: Betring av sikkerheit på fleire nivå. Nettverk, tenester og einingar. Sidan fleire og fleire tenester ligg i sky, må ein til ei kvar tid sikre kommunikasjon mellom lokal einheit og sky. I dette ligg også investeringskostnader knytt til redundante tenester, oppgradering og overvaking av løysingar i tekniske rom og forbetring av datasikring (back up). Kostnad: 0.5 mill. kr.

Datakabling: Sogndal kommune har ein omfattande bygningsmasse. Datakablane i bygga har ei levetid på 15-20 år. Mange av bygga har framleis ikkje oppdatert kabling, noko som fører til redusert funksjonalitet når ein nyttar ikt-komponentar i bygga. Eksempel: Kabling til trådlause punkt, oppsett av kabling til møterom, SD-anlegg mm. Me har og att nokre fiber-strekk som bør oppgraderast til ny standard. Byte av kablar etter behov. Kostnad: 0.5 mill. kr.

PC, skjermar og anna utstyr: Dei siste åra er det skifta ut ein del utstyr (PC, skjerm, docking-stasjonar, anna utstyr), men det er behov for å oppretthalde kontinuerlege investeringar knytt til dette. Særskilt bør ein halde fram med å støtte utskiftingstakta i sektor helse og omsorg. Levetid PC: 4 år. Levetid skjermar: 5-7 år. Kostnad: 1 mill. kr.

Breibandutbygging: Kommunen har fått godkjent søknad til Vestland fylkeskommune om eit samarbeidsprosjekt for å sikre breibanddekning i området Sæle-Lindane i Balestrand. Kostnad for kommunen er berekna til om lag 100 000 kr, med tilskotsmidlar til 650 000 kr. Det kjem mest truleg ny søknadsrunde i 2024, og me har fleire områder i Balestrand utan god dekning som det bør søkjast ytterlegare tilskotsmidlar til. Dette vil krevje eigenkapital frå kommunen. Berekna kostnad: 0,5 mill. kr.

Kommunen har motteke tilskotsmidlar til gjennomføring av Digihjelpen-prosjektet. Tilskotsmidlane er avsett på bunde fond og vert nytta til å gjennomføre prosjektet i 2024.

Bygg – rammeløyving

Sogndal kommune forvaltar ein betydeleg eigedomsmasse. Det er god økonomiforvaltning å vedlikehalde og heve standard på eksisterande bygg. Stadig aukande krav og nye reglar, samt pålegg som følgje av tilsyn frå m.a. miljøretta helsevern utløyser eit løpande investeringsbehov. Ved å ha ei rammeløyving til mindre bygginvesteringar får ein prioritert prosjekt uavhengig av drifts-/vedlikehaldsrammer og får høve til å vurdere behova opp mot kvarandre. Det er sett av 8 mill. kr i slik rammeløyving for kvart år i økonomiplanperioden. Det er starta med ei byggkartlegging som vil gje ei samla oversikt over bygningsmassen og behov for investering i kommunale bygg.

Barnehage

Det er budsjett til bygging av ny barnehage på Kaupanger i planperioden. For 2024 er det sett av 5,5 mill. til planlegging og grunnkjøp, bygging er lagt inn med 38 mill. i 2025 og 16 mill. i 2026. Endeleg budsjett må takast stilling til i høve storleik/tal plassar i arbeidet med planlegging. Total kostnad er i estimert ut frå ei stor barnehage med 5 avdelingar. Det er lagt inn planleggingsmidlar til ny barnehage på Leikanger i 2027. Bygging av ny barnehage på Leikanger er ikkje funne rom for i investeringsprogrammet, men står på marginallista.

Samfunn og kulturlokale m.m. Saften

